

Sak

FORSLAG TIL OMREGULERING AV DELER AV GOL SENTRUM, GOL KOMMUNE,  
BUSKERUD

Dok.nr.	Dato	Dokument (type, tittel)	Merknader
1	13.01.87	Oversendelse fra Gol kommune til U.O.	
2	13.02.87	Brev fra U.O. til Gol kommune.	
3	12.03.87	Brev fra U.O. til Gol kommune.	
4	16.03.87	Notis i Drammens Tidende Buskeruds Blad	
5	22.05.87	Brev fra U.O. til Gol kommune	Ingen fornminner.
6	02.07.87	Saksdokumenter fra Gol kommune	

# GOL KOMMUNE

Tlf. 067-74100  
3550 GOL

Dato: 12.01.87  
A.nr: 504  
Ref.: OF/åt

Lensmannen i Gol og Hemsedal, 3550 Gol  
Næringsmiddelkontrollen, 3550 Gol  
Hallingdal kraftlag, sone Gol, 3550 Gol  
Kulturutvalet i Gol, kulturkontoret, 3550 Gol  
Generalplanutvalet i Gol, 3550 Gol  
Fylkeslandbrukskontoret i Buskerud, v/Gol landbruksnemnd, 3550 Gol  
Televerket, Drammen Teleområde, Postboks 386, 3001 Drammen  
Buskerud fylkeskommune, plan- og utbyggingsavdelingen, Haugesgt. 89,  
3000 Drammen  
Vegkontort i Buskerud, Tollbugt. 2, 3000 Drammen  
Universitetets oldsaksamling, Fredriksgt. 2-3, 0164 Oslo 1  
Gol skulestyre, skulekontoret, 3550 Gol  
Helse- og sosialutvalget, sosialkontoret, 3550 Gol  
Fylkesfriluftsnemnda, Haugesgt. 89, 3000 Drammen

1.

000123	13JAN87
POV	

## FORSLAG TIL OMBREGULERING AV DELER AV GOL SENTRUM

Bygningsrådet vedtok i møte 04.12.1986, sak nr. 276, jfr. og sak 267 i møte 04.09.1986, nemnde sak med tilhørende føresegner.

Vedlagt følger planforslag og reguleringsføresegner og utskrift frå bygningsrådssakene 267/86 og 276/86 for eventuell uttale.

Eventuelle merknader må sendast skriftleg til Gol bygningsråd, 3550 Gol, innan 06.02.1987.

Dersom bygningsrådet ikkje har motteke merknader innan nemnde frist, går ein ut frå at De ikkje har innvendingar til planforslaget.

Med helsing  
GOL KOMMUNE

  
O. Fjøsne  
teknisk sjef

Vedlegg

§1

Det regulerte området er på plankartet vist med reguleringsgrense. Utbygging skal skje i samsvar med flatereguleringsplanen og detaljplan godkjend av bygningsrådet.

§2

Byggegrenser er vist på reguleringskartet. Bygningsrådet kan godkjenne at andre og tredje høgda, baldakiner m.v. blir trekt fram over fortau når dette ikkje hindrar frisikt eller på annan måte er uheldig for ferdselen.

§3

Bygningsrådet skal ved behandling av byggemeldingar sjå til at bygga får god form og materialbehandling. Bygningar innan eitt og same byggeområde bør harmonere i form og materialbruk.

§4

Alle bygningar skal ha saltak. Bygningsrådet kan gje løyve til anna takform som det finn harmonerer med byggestilen i området.

§5

Inga tomt må plantast til med busker eller tre som bygningsrådet finn kan bli sjenerande for offentleg ferdsel. Eksisterande vegetasjon bør takast vare på så langt råd er.

§6

Form, høgde og farge på gjerde skal godkjennast av bygningsrådet.

§7

OMRÅDE FOR FORRETNINGSBYGG, OFFENTLEGE BYGG OG ANDRE SERVICEANLEGG.

- a) Største byggehøgde skal vera 3 etasjar, jfr. byggeforskriftene kap. 26:21 og kap. 26:22 vedr. definisjon av etasje. Alle bygg bør fundamentast for 3 etasjar. Bygningane kan førast opp samanhengande. Bustadhus kan ikkje oppførast, men bygningsrådet kan gje løyve til innreiing av bustad i 2. og 3. etasje.
- b) Bygningsrådet kan forby verksemd som det finn kan bli sjenerande for dei som bur i området eller til ulempe for offentleg ferdsel.
- c) Ved nybygg vert det kravd 1 parkeringsplass pr. 25m<sup>2</sup> golvareal.

§8

OMRÅDE FOR BUSTADBYGG.

- a) Bustadhus kan oppførast i inntil 2 etasjar. Der det høver med terrenget kan bygningsrådet tillata underetasje utover dette, innreidd i samsvar med byggeforskriftene.

Kommune	Styre, råd, utval, m.v.	Møtestad	Møte dato
G O L	BYGNINGSRADET	Kommunehuset	04.09.86
Sak nr 267/86B		Arkiv: Saksbeh.: O.F.	
<p>REGULERINGSPLANENDRING FOR DELER AV GOL SENTRUM.(1.GONGS BEHANDLING)</p> <p>Målet med omregulering av deler av Gol sentrum og tiltaka for å nå desse måla er i hovedsak desse:</p> <p><b>MÅL:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Å få eit meir miljøvenleg og trafikksikkert sentrum, spesielt for "mjuke" trafikkantar (fotgjengarar og syklistar).</li> </ul> <p><b>TILTAK:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Hovudgangvegnettet i heile sentrum vert regulert som offentleg gangvegareal (i gjeldande plan er gangvegnettet regulert som privat fellesareal).</li> <li>- Etablere eit fysisk skille mellom motorisert trafikk og gangtrafikk.</li> <li>- Gangarealet mellom motorisert veg og forretningsfasade bør der forholda ligg til rette for det, vera så breidt at det er plass til beplantning, sittegrupper, utstilling av butikkvarer m.v. i tillegg til gangvegareal.</li> </ul> <p><b>MÅL:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Å få "bryte opp" den lange og einsformige Sentrumsgata og å få bort unødvendig tungtrafikk i sentrum.</li> </ul> <p><b>TILTAK:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Endre kryssutforming mellom Sentrumsgata og Gamlevegen ved Gol sparebank og ved Bruket slik at Gamlevegen får prioritet framfor Sentrumsgata.</li> <li>- Regulere fleire offentlege vegar som tverrsamband mellom Sentrumsgata og Gamlevegen i området vest for Furuvegen.</li> </ul> <p><b>MÅL:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjennom reguleringsmessige tiltak å få større fart i opparbeiding av parkeringsplassar.</li> </ul> <p><b>TILTAK:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Fleire parkeringsplassar vert regulert som offentlege parkeringsplassar.</li> <li>- Skjerpa krav til parkeringsplassar ved nybygg.</li> <li>- Fleire offentlege vegar/gater i området vest for LK-senteret som vil føre til større utvikling (utbygging) i dette området og som igjen vil lette tilkomsten til allereie innregulerte parkeringsplassar og gjere desse meir attraktive.</li> </ul> <p><b>MÅL:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Forsvarleg utnytting av arealressursane i Gol sentrum.</li> </ul> <p><b>TILTAK:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Byggverk kan oppførast i 3 fulle etasjar. Krav om fundamentering for 3 fulle etasjar.</li> </ul>			
Sign.	Utskrift send til		

Kommune	Styre, råd, utval, m.v.	Møtestad	Møte dato
G O L	BYGNINGSRADET	Kommunehuset	04.09.86

Sak nr

267/86B

Arkiv:

Saksbeh.: O.F.

Olav Løken fremja fylgjande forslag:

Gangvegareal framanfor Bottolvvsletten og Narvesen vert lagt ut til Sentrumsvegen (eventuelt med kantsteinsparkering).

Forslaget vart nedstemt med 6 mot 1 stemme.

Sigrun Eng fremja fylgjande forslag:

Breidokvegen får tilknytning til Sentrumsvegen vest for dei 2 kommunale bustadane. Området mot fru Sundre vert hage for dei kommunale bustadane.

Forslaget vart nedstemt med 6 mot 1 stemme.

BYGNINGSRADET SITT VEDTAK:

Bygningsrådet tilrår teknisk sjef sitt forslag til reguleringsendring for deler av Gol sentrum med fylgjande endring:

Trase for Sentrumsgata i området ved Gol Bygg vert som i dag, jfr. vedtak i bygningsrådsmøte 14.05.85, sak nr 86.

Vedtaket vart gjort med 4 mot 3 stemmer.

Mindretalet går inn for teknisk sjef sitt forslag som inneber at traseen for Sentrumsgata i området ved Gol Bygg i det vesentlege samsvarar med stadfesta plan frå 1976.

Sign.

Utskrift send til

Kommune	Styre, råd, utval, m.v.	Møtestad	Møte dato
Gol	Bygningsrådet	Kommunehuset	04.12.1986

Sak nr

276/86 B

Arkiv: 504

Saksbehandler: O. Fjøsne

REGULERINGSENDRING FOR DELER AV GOL SENTRUM. (1. GONGS BEHANDLING).

Teknisk sjef orienterte om at han hadde hatt møte med plan -og næringskontoret i Buskerud fylke 03.12.86 om forslaget til reg. endring for deler av Gol sentrum.

Dette av praktiske grunnar for eventuelt å rette opp/endre reg. planforslaget før det vart lagt ut til offentlig ettersyn, dersom plan -og næringskontoret hadde vesentlege innvendingar.

Plan -og næringskontoret hadde ein vesentleg innvending til planforslaget, at nord -/sørgående offentlig veg/gate vest for L.K.-senteret ikkje måtte først ut i Gamlevegen. Dette m.a. fordi avkøyrsla til slakteriet frå Gamlevegen ligg i same området og det vil vera uheldig å få eit x - kryss her.

Teknisk sjef har på denne bakgrunnen endra planutkastet i området aust og nord for L.K.-senteret og tilrår at bygningsrådet sluttar seg til denne endringa før planen vert lagt ut til offentlig ettersyn.

BYGNINGSRÅDET SITT VEDTAK (SAMRØYSTES):

Bygningsrådet viser til sitt vedtak i møte 04.09.86, sak nr. 267.

Planforslaget vert ein del endra i området vest og nord for L.K.-senteret, slik som vist på planteikning F-1-50 A, sist korrigert 04.12.86. På nemnde planforslag er det og føreteke nokre mindre justeringar.

Planforslag teikning F-1-50 A og B, sist korrigert 04.12.86, vert å leggja ut til offentlig ettersyn i samsvar med § 27-1 i plan -og bygningslova.

Sign.

Utskrift send til


Pd 125  
215

Plan  
925 R

Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.  
For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:


[postmottak@khm.uio.no](mailto:postmottak@khm.uio.no)

1. Byggjeo



ALLMENNYTTIG FORMÅL

2. Landbruksområde




JORDBRUK, SKOGBRUK


3. Trafikkområde



KØYREVEG




GANGVEG, FORTAU




ANNA TRAFIKKAREAL, PARKERING,  
BUSSTOPP, GRØFT, RABATT osv

4. Friområde





PARK, TURVEG, LEIK


5. Fareområde



6. Spesialområde



FELLES AVKØYRING/PARKERINGSPLASS




FELLES GANGVEG




FELLES LEIKEOMRÅDE


FRISIKTLINJE  
SENTERLINJE REGULERT VEG




OMRISS AV PLANLAGTE  
BYGG




OMRISS AV EKSISTERANDE  
BYGG SOM GÅR INN I PLANEN



VATN



MÅLESTOKK 1:1000



REGULERINGSPLAN FOR  
Gol kommune

F-1-50b

Revisjonar	DATE	SIGN	
Reguleringsendring for deler av Gol sentrum	sept.86		
Saksbehandling etter bygningslova	DATE	DATE	SIGN
BYGNINGSRÅDETS VEDTAK			
UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN			
KOMMUNESTYRETS VEDTAK			
STADFESTA AV			








**GOL KOMMUNE**  
TEKNISK ETAT

TEIKN NR      DATE      SIGN

Plan - og

925 REGU

1. Byggjeområde


-  BUS
- 
-  FOR
-  INDU
-  OFF
-  ALLMENNYTTIG FORMÅL
- 

Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.




For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:

[postmottak@khm.uio.no](mailto:postmottak@khm.uio.no)

2. Landbruksområde


-  JORDBRUK, SKOGBRUK

3. Trafikkområde

-  KØYREVEG, PARKERINGSPL., BUSSTOPP, GRØFTER m.v.
-  GANGVEG, FORTAU
-  ANNA TRAFIKKAREAL, RABATT

-  FRISIKTLINJE
-  SENTERLINJE REGULERT VEG

4. Friområde


-  PARK, TURVEG, LEIK




5. Fareområde

- 

6. Spesialområde


- 
- 

-  VATN

-  FELLES AVKØYRING/PARKERINGSPLASS
-  FELLES GANGVEG
-  FELLES LEIKEOMRÅDE



MÅLESTOKK 1:1000



REGULERINGSPLAN FOR DELER AV GOL SENTRUM

Gol kommune

Revisjonar

Reguleringsendr.  
sist korrigert

DATO

SIGN.

sept. 86

04.12.86

Saksbehandling etter bygningslova

BYGNINGSRÅDETS VEDTAK

UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

KOMMUNESTYRETS VEDTAK

STADFESTA AV

DATO

DATO

SIGN.

04.10.86

04.12.86

**GOL KOMMUNE**  
TEKNISK ETAT

TEIKN. NR.

DATO

SIGN.



# UNIVERSITETET I OSLO

2

OLDSAKSAMLINGEN  
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1  
TELEFON (02) 41 63 00



UNIVERSITY MUSEUM OF  
NATIONAL ANTIQUITIES  
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1

Gol kommune,  
3550 Gol.

OSLO, 13. februar 1987.

SAKSBEHANDLER:

DERES REF.:

OF/åt

VAR REF.: (BES OPPGITT VED SVAR)

123/87 PON/mh

FORSLAG TIL OMREGULERING AV DELER AV GOL SENTRUM, GOL KOMMUNE,  
BUSKERUD.

Vi viser til Deres forsendelse av 12. januar 1987.

Universitetets Oldsaksamling har ikke kjennskap til fornminner i de delene av Gol sentrum som berøres av forslaget til omregulering.

Det er tidligere ikke foretatt systematiske registreringer av fornminner innenfor reguleringsområdet. Etter vårt syn kan det være fornminner der, og området må derfor registreres.

På grunn av snø, tele og dårlige lysforhold kan ikke registreringen finne sted før i april/mai 1987. Saken vil bli prioritert, og Oldsaksamlingen vil avgi uttalelse straks feltarbeidet er utført.

Dersom kommunen ikke kan godta at Oldsaksamlingens behandling av saken utsettes, ber vi om å bli varslet straks, jfr. kulturminnelovens § 9.

Med hilsen

Per Oscar Nybruget  
forsker

# UNIVERSITETET I OSLO

3

OLDSAKSAMLINGEN  
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1  
TELEFON (02) 41 63 00



UNIVERSITY MUSEUM OF  
NATIONAL ANTIQUITIES  
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1

Gol kommune  
Teknisk etat

3550 GOL

OSLO, 12. mars 1987

SAKSBEHANDLER:

Per Oscar Nybruget

DERES REF.: OF/åt

VAR REF.: (BES OPPGITT VED SVAR) 123/87 PON/bha

FORSLAG TIL OMREGULERING AV DELER AV GOL SENTRUM, GOL KOMMUNE,  
BUSKERUD.

Vi viser til telefonsamtalen med O. Fjøsne den 27. februar  
1987.

Gol sentrum ble registrert for det økonomiske kartverket i  
1975. Det ble da ikke funnet synlige fornminner i den delen som  
blir berrørt av omreguleringsforslaget.


I 1975 registrerte man først og fremst fornminner som var syn-  
lige over markoverflaten. Man lette ikke systematisk etter  
ikke synlig fornminner.

Universitetets Oldsaksamling har ingen innvendinger mot at Gol  
kommune arbeider videre med omreguleringsplanene i de former  
som ble skissert i telefonsamtalen. Det må ikke foretas grave-  
arbeid som kan ødelegge eventuelle fornminner.

Vi tar sikte på å registrere Gol sentrum med en gang snøen er  
forsvunnet i området og vi vil da gi en endelig uttalelse om  
planforslaget.

Med hilsen

Per Oscar Nybruget  
forsker



er antagelig friqitt  
1975

→ Alle formånings  
merket x1 kalles  
HA HAUGEN.

Regj. 1975

2 R

3 1/2 x

May-liss Bøe  
Torill Weigaard

6729 WS 2/8-75  
E. Skjelsvick

(NÖREIMSLII) 497

498


X 300 000  
Y 32 000

- Elveforbygning, tunnel inntak og utløp
- Grunne
- Pelebunt med lense
- Sjømerke, lykt
- Høgeste reg. v.st. i reg. vatn
- Høgeste beregn. flom v.st., laveste reg. v.st. i reg. vatn
- Høgde fotogr.-dagen i ureg. vatn
- Høgeste registr. flom v.st., laveste registr. v.st. i ureg. vatn
- Kontur i ferskvann er høgeste reg. v.st. eller høgde fotogr.-dagen i ureg. vatn
- Kystkontur er middel høgvatn
- Myr

- A Lettbrukt dyrka jord og dyrkingsjord
- B Mindre lettbrukt dyrka jord og dyrkingsjord
- S Særs høg bonitet for skog
- H Høg bonitet for skog
- M Middels bonitet for skog
- L Låg bonitet for skog
- Grunn, djup myr
- Lite omlaga torv
- Sterkt omlaga torv
- Nøysom vegetasjon
- Dyrka myr

Merker i rammekanten for UTM rutenett.  
Grensene på kartet er ikke rettsgyldige.  
Forminner: *registrert*  
**FORELÖPIG UTGAVE**

Målestokk 1:5000



Ekvidistanse 5 m

BS 064-5-3	BS 064-5-4	BT 064-5-3
BS 063-5-1	BS 063-5-2	BT 063-5-1
BS 063-5-3	BS 063-5-4	BT 063-5-3

GOL BUSKERUD  
GOL BS 063-5-2

**KORREKTURKOPI**

UNIVERSITETETS OLDSAKSAMLING  
 ØKONOMISK KARTVERK  
 FREDERIKS GATE 2 - OSLO 1  
 #330020 1724

\*\*\*\*\*  
FYLKE: Buskerud KOMMUNE: 0617 Gol FORNMINNENR: 0000  
GNR/GÅRD: 9 Nøreim  
BNR/BRUK: (9) 154 Hahaugen  
FLYFOTO: 1217 AB08 R/X-NR: X01 LOKALITET: Hahaugen  
ØK-KART: BS 062-5-2 UTM-KOR: M711-KART: 1616 II H.O.H: 215 m  
FORNMINNETS ART: ANT: DAT:

\*\*\*\*\*  
Haug 1  
\*\*\*\*\*  
HENV TIL ANNET DOK:  
EIER: Mangne Viko, 3550 GOL  
BRUKER:  
REG AV: T. Weigaard og M.L. Bøe 25.06.1975  
KONTR AV:  
TERRENGETS ART: Flat mark på N-sida av Hensilis Ø-lige løp.  
ORIENTERING: 30m SØ for SØ hjørnet på Gol kommunehus.  
SPESIALKART:  
UTSTREKNING:

FORNMINNEBESKRIVELSE:  
Tilnærmet rund haug, klart markert og meget lett synlig. Bygd av sand og grus.  
Haugen er planert på toppen der det er bygd en villa.  
Veien til villaen går opp fra N.  
Haugen er bevokst med gress og lauvskog.  
Tvm ca 105m. h ca 15m.

Haugen er lagt opp av elven og derfor naturdannelse.

TRADISJON: Ifølge tradisjonen holdt Åsgårdsreien til i haugen. Omkring juletider kom de ridende ut av den, og da var det utrygt for folk å ferdes ute.

FUNN:  
UNDERSØKELSER:  
FJERNET:  
NAT VIT UNDERS:  
FOTONR:  
INNKJØP OG FREDNING:  
RESTAURERING OG PLEIE:  
SKILTING:  
LITTERATUR: Ingen  
ANMERKNINGER:  
SKREVET AV: NS r

\*\*\*\*\*  
FYLKE: Buskerud KOMMUNE: 0617 Gol FORNMINNENR: 0000  
GNR/GÅRD: 9 Nøreim  
BNR/BRUK: (9) 3 Viko  
FLYFOTO: 1217 AB08 R/X-NR: R01 LOKALITET:  
ØK-KART: BS 063-5-2 UTM-KOR: M711-KART: 1616 II H.O.H:  
FORNMINNETS ART: ANT: DAT:

\*\*\*\*\*  
Gravrøys 2  
\*\*\*\*\*  
HENV TIL ANNET DOK:  
EIER: Olav O. Viko, 3550 GOL  
BRUKER:  
REG AV: T. Weigaard og M.L. Bøe 12.06.1975  
KONTR AV: E. Skjelsvik 17.06.1975  
TERRENGETS ART: Åkerholme på flate dyrket mark. Vidt utsyn i alle  
himmelretninger.  
ORIENTERING: 7m NØ for NØ-hjørnet av revegården.  
SPESIALKART:  
UTSTREKNING: Samling gravrøyser Ø-V 20m, N-S 8m.

FORNMINNEBESKRIVELSE:  
På en markert NØ-SV-gående rygg, lengst i Ø på denne:  
1 Rundrøys, klart markert og lett synlig i terrenget. Bygd av mellomstor  
rundkamp, noe jordblandet.  
I midten krater orientert NØ-SV 4 x 2 x 0,5m, fylt med skrot. Røysa er  
bevokst med gress og noe bringebærkratt.  
Ø 8m, h 0,5 - 0,75m.  
Kant i kant og V for 1, inntil Ø-kanten av treningsbane for travkjøring.  
2 Rundrøys, uklart markert. Materiale som 1. Bare bunnlaget igjen. Gressbevokst  
Ø ca 7m, h ca 0,25m.

Den gamle postveien til Lærdal gikk N for dem.

TRADISJON: To kongsbrødre, den ene i Ål, den andre i Nesbyen, møttes her med sine harer og utkjempet et slag. Den ene av brødrene falt og er gravlagt på gården Viko.

FUNN:  
UNDERSØKELSER:  
FJERNET:  
NAT VIT UNDERS:  
FOTONR:  
INNKJØP OG FREDNING:  
RESTAURERING OG PLEIE:  
SKILTING:  
LITTERATUR: Ab. 1879 s 284 u.Viko. Her er nevnt 3 røysar.  
U.O.Top.ark: Befaring 18.05.1979 v/Ola Melby.  
ANMERKNINGER:  
SKREVET AV: NS r

Klipp i klipparkivet

# UNIVERSITETET I OSLO

OLDSAKSAMLINGEN  
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1  
TELEFON (02) 41 63 00



UNIVERSITY MUSEUM OF  
NATIONAL ANTIQUITIES  
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1

Gol kommune  
Teknisk etat

3550 GOL

OSLO, 22. mai 1987

SAKSBEHANDLER:

DERES REF.: OF/åt

VAR REF.: (BES OPPGITT VED SVAR)

123/87 PON/bha

KOPI

FORSLAG TIL OMREGULERING AV DELER AV GOL SENTRUM, GOL  
KOMMUNE, BUSKERUD.

Vi viser til Deres forsendelse av 12. januar 1987.

Arkeologiske registreringer i planområdet fant sted den  
19. mai 1987. Det ble ikke funnet fornminner. Universi-  
tetets Oldsaksamling har derfor ingen merknader til for-  
slaget til omregulering.

Skulle det oppdages fornminner ved tiltak i marken i plan-  
området, skal arbeidet stanses i den utstrekning det kan  
berøre fornminnene eller deres sikringssoner på fem meter,  
og melding skal sendes Universitetets Oldsaksamling, jfr.  
lov om kulturminner av 9. juni 1978, § 8.

Med hilsen

Per Oscar Nybruget  
magister

**M Ø T E B O K**  
frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

DOKSÅKSAMLINGEN	
Jr: 081814	06 JUN 87
SAK NR. <i>POW</i>	ARK.Nr:

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504  
Saksbeh.: TOB/SES/

6.

**REGULERINGSENDRING FOR DELAR AV GOL SENTRUM.**

Bygningsrådet har i møte 01.04.1987, sak 102, hatt regulerings-saka til 2.gongs handsaming.

1.gongs handsaming var i sakene 267 og 276/87 B og dei generelle målsettingane og tiltaka er nærare beskrivne der (jfr. vedlegg til denne saka, sak 20/87 F - general/kommuneplansak).

Orientering om vidare handsaming, utsending av saksdokument osv.:

Frå administrasjonen sender vi nå ut -som v/kommunestyreinnkalling- saka slik ho vart presentert for bygningsrådet i sak 102/87, med saksdokumenta nr 1 - 66 vedlagt. I tillegg følgjer reguleringsbestemmelsane, vedlagt.

I fyrste formannskapsmøte forutset vi at planforslag og innkomne protestar m.m. blir gjennomgått saman med teknisk sjef. Det er m.a. ein del av dei tilsendte saksdokument som må forklarast, da ikkje alt er forståeleg ut frå kartskisser og utan å ha reguleringskartet framfor seg.

Med bakgrunn i nemnde orientering og eventuelle påfølgjande drøftingar så vil rådmannen gjere sitt framlegg til vedtak til neste formannskapsmøte, og vi forutset å kunne få handsaming av saka i kommunestyret 03.06.87, dvs. at kommunestyremøtet den 20.05.87 blir utsett i to veker.

Seinare utsendingar vil supplere denne saka (F. 104/87).

Saksutgreiing, tilråding og vedtak i bygningsrådssak 104/87 følgjer (m/O.F. som sakshandsamar):

**SAKSDOKUMENT:**

1. Merknad fra Ingvar Lie datert 21.12.1986
2. Merknad fra Agnes Bredesen datert 07.01.1987
3. Merknad fra Gol Bygg A/S v/P.A.Rustberggard, Ivar Lie, Ola Perstølen, Hallingdal Husflid v/Mona Rustand, Ole Stensgård, Kari Birgit Tveito, Liv H. Lehn, Olav Skredegård, Olav Bjørnebråten, E.B.Eidsgaard og P.A.Rustberggard (gbnr.26/102) datert 07.01.1987
4. Merknad fra Olav Dokken datert 09.01.1987
5. Merknad fra Knut Bergun datert 12.01.1987
6. Merknad fra E.B.Eidsgaard datert 12.01.1987 vedr. forretningstomten ved Hesla bru, "Polgården" og "Bjørnebråten-gården".
7. Merknad fra Margit Markegård datert 12.01.1987
8. Merknad fra Turid Aaker datert 12.01.1987
9. Merknad fra Sigrud Bjørnebråten datert 12.01.1987
10. Merknad fra Haakon Andersen datert 13.01.1987
11. Merknad fra Torbjørn Rustberggard datert 14.01.1987
12. Merknad fra Landbrukskontoret, Jordbruksetaten i Gol datert 13.01.1987
13. Merknad fra Advokatfirma Rolf B. Nybakk på vegne av Jenny Olaussen

# M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

- datert 14.01.1987
14. Merknad fra Per Sørbøl datert 14.01.1987
  15. Merknad fra Advokatfirmaet Kari og Ola Tollefsrud på vegne av Kristian Haugstad datert 15.01.1987
  16. Merknad fra Advokatfirmaet Kari og Ola Tollefsrud på vegne av Arne S. Gjerden datert 15.01.1987
  17. Merknad fra Advokatfirmaet Kari og Ola Tollefsrud på vegne av Sverre G. Johansen datert 15.01.1987
  18. Merknad fra Advokatfirmaet Kari og Ola Tollefsrud på vegne av Solveig Villand Lindheim datert 15.01.1987
  19. Merknad fra Anne Venås datert 15.01.1987
  20. Merknad fra Kristi Haugland datert 15.01.1987
  21. Merknad fra Torbjørn Rustberggard vedr. Sentrumsvegen 72 datert 16.01.1987
  22. Merknad fra Torbjørn Rustberggard vedr. "Dalheim" gbnr. 14/81 og "Dalebu" gbnr. 14/148 datert 16.01.1987
  23. Merknad fra Torbjørn Rustberggard vedr. "Åsheim" gbnr. 20/25 datert 16.01.1987
  24. Merknad fra Torbjørn Rustberggard vedr. "Varden" gbnr. 14/97 og Sentrumsvegen 77, gbnr. 14/277, datert 16.01.1987
  25. Merknad fra Torbjørn Rustberggard vedr. "Varden" gbnr. 14/97 og "Brennmo" gbnr. 14/137 (eier Kari Brenn) datert 16.01.1987
  26. Merknad fra Sparebanken Buskerud, Gol Sparebank datert 16.01.1987
  27. Merknad fra Anne Haavelmoen datert 16.01.1987
  28. Merknad fra Arnfinn Stake datert 16.01.1987
  29. Merknad fra Ola og Ruth Kari Turhus datert 16.01.1987
  30. Merknad fra Oskar Gjestemoen datert 16.01.1987
  31. Merknad fra A/S Vinmonopolet datert 16.12.1987
  32. Merknad fra Gunnar og Anna Jorunn Hansen datert 16.01.1987
  33. Merknad fra Nils Rusten datert 16.01.1987
  34. Merknad fra Ragnhild Hoftun og Erik Hoftun datert 16.01.1987
  35. Merknad fra Buskerudbanken v/O. Bergene, "Hagen", v/Alfr. Jordheim, Gol Appartementshotell v/Torbjørn Rustberggard og "Åsheim" v/Torbjørn Rustberggard datert 16.01.1987
  36. Merknad fra Halvor Botten datert 17.01.1987
  37. Merknad fra Kristoffer og Guro Rust datert 17.01.1987
  38. Merknad fra Per G. Viko datert 17.01.1987
  39. Merknad fra Arne Rusten datert 18.01.1987
  40. Merknad fra Wilhelm E. Eidsgaard datert 16.01.1987
  41. Merknad fra Helge Viko datert 19.01.1987
  42. Merknad fra Arnfin Haugen datert 19.01.1987
  43. Merknad fra Aslak Øynebråten datert 19.01.1987
  44. Merknad fra ByggHerreService vedr. "Søndreli", gbnr. 9/9 og 9/68 datert 19.01.1987
  45. Merknad fra ByggHerreService på vegne av Olav O. Skredderberget datert 19.01.1987
  46. Merknad fra ByggHerreService på vegne av Olav Klepp datert 19.01.1987
  47. Merknad fra Advokatfirmaet Kari og Ola Tollefsrud på vegne av Otto Skredderberget, "Sentrums kiosken", gbnr. 25/185, datert 21.01.1987
  48. Merknad fra Brødrene Viko Sag vedr. Sentrumsvegen 38 og 40 og "Sagtomten", datert 19.01.1987
  49. Merknad fra Hallingdal Kraftlag vedr. gbnr. 34/23 og 31/21 datert 21.01.1987



## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

50. Merknad fra advokat Kjell Steinsbø vedr. gbnr. 25/95 og gbnr. 25/86 datert 22.01.1987
51. Merknad fra advokat Sigurd Bang vedr. Arne Gjerden, Anne Venås, Sigrid Eidgård, Kjell Eidsgård, Ingeborg Bry og Astrid Espedokken Stensrud datert 22.01.1987
52. Merknad fra Gol og Hemsedal lensmannskontor/Ringerike politikammer datert 23.01.1987
53. Merknad fra advokat Sigurd Bang - se saksdok. 51 - datert 26.01.1987
54. Utskrift av sak 4/87J i Gol landbruksnemnd i møte 29.01.1987
55. Merknad fra Hallingdal Brannkasse datert 29.01.1987
56. Utskrift av sak 7/87 i Hovedutvalget for kultur i møte 29.01.1987
57. Utskrift av sak 3/87 i Gol Helseråd i møte 02.02.1987
58. Utskrift av sak 1/87 i Gol trafikkråd i møte 04.02.1987
59. Merknad fra Televerket datert 04.02.1987
60. Merknad fra Buskerud fylkeskommune, plan- og næringskontoret, datert 02.03.1987
61. Brev frå fylkeslandbrukskontoret i Buskerud dagsett 12.02.87.
62. Utskrift frå møte i helse- og sosialutvalet 12.02.87, sak nr. 14.
63. Brev frå Universitetets oldsaksamling dagsett 13.02.87 og 12.03.87.
64. Merknader frå Buskerud vegkontor dagsett 16.03.87.
65. Utskrift frå møte i Gol formannskap(som generalplanutval) 26.01.87, sak nr.20.
66. Møtereferat frå samferdselsadministrasjonen i fylke dagsett 27.01.87.

Planforslag og reguleringsføresegner har lege ute til offentlig ettersyn og alle grunneigarar innan planområdet er skriftleg varsla om at planforslag/føresegner er lagt ut til offentlig ettersyn vedlagt kopi av kunnngjeringa.

Planforslaget er og sendt offentlege styrer/råd/instansar til uttale. Planforslaget omfattar 2 stk. plankart,- F-1-50A og F-1-50B.

Mange merknader/protestar går på forhold som i planforslaget ikkje er endra i forhold til gjeldande stadfesta plan for Gol sentrum vest. Bygningsrådet har såleis i sitt arbeid med omregulering av deler av Gol sentrum lagt til grunn at **berre deler av Gol sentrum** skal omregulerast.

### TEKNISK SJEF SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Bygningsrådet går inn for fylgjande uttale til dei merknader/protestar som er innkomne i samband med at plan og føresegner har vore lagt ut til offentlig ettersyn i tida 17.12.86 til 19.01.87:

#### 1. IVAR OG INGVAR LIE.

Protesten vert delvis teken til fylgje ved at bygningsrådet går inn for å flytte Sentrumsvegen nordover slik at den blir liggande omtrent som i gjeldande stadfesta plan for Gol sentrum vest. Dette vil medføre at det vert fleire parkeringsplassar på nordsida av forretningen enn planforslaget inneber.

Protesten forøvrig vert ikkje teken til fylgje.

**Protesten er delvis teken til fylgje.**

## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

### 2. AGNES BREDESEN.

Eigedomen vert ikkje meir berørt i planforslaget enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan.

**Protesten er ikkje teken til fylgje.**

3. GOL BYGG A/S V/P.A. RUSTBERGGÅRD, IVAR LIE, OLA PERSTØLEN, HALLINGDAL HUSFLID L/L V/MONA RUSTAND, OLE STENSGÅRD, KARI BIRGIT TVEITO, LIV H. LEHN, OLAV SKREDEGÅRD, OLAV BJØRNEBRÅTEN, E.B.EIDSGAARD.

Protesten vert teken til fylgje slik at Sentrumsvegen vert flytta nordover omtrent i samsvar med gjeldande stadfesta reguleringsplan. Dette medfører at antal parkeringsplassar på nordsida av forretningane i størst mogleg grad vert oppretthalde. Offentleg gangareal må leggest inntil forretningsfasade. Det må vidare opparbeidast 3 meter brei rabatt mellom Sentrumsvegen og parkeringsplassen.

**Merknadane er tekne til fylgje.**

### 4. OLAV DOKKEN.

Det er ikkje teke meir av eigedomen enn det som er nødvendig til kantsteinsparkering og 3 meter breidt fortau.

**Protesten er ikkje teken til fylgje.**

### 5. KNUT BERGUN.

Lokalisering og avgrensing av større parkeringsplass er ikkje endra i forhold til gjeldande stadfesta reguleringsplan for området.

**Protesten er ikkje teken til fylgje.**

### 6. E.B.EIDSGAARD.

Forretningstomt ved Hesla bru vert ikkje meir berørt i planforslaget enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan for området. Avkjørsel til m.a. Polgården kan ikkje flyttast vesentleg lenger vestover på grunn av siktforholda langs Gamlevegen.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

### 7. MARGIT MARKEGÅRD.

Planlagt gangveg på austsida av eigedomen er ikkje breiare enn i gjeldande stadfesta plan for området. Eigedomen vert såleis ikkje meir berørt enn tidlegare.

**Merknaden er ikkje teken til fylgje.**

### 8. TURID AAKER.

## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

Eigedomen vert ikkje sterkare berørt av gangvegen enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan for området.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

### 9. SIGRID BJØRNEBRÅTEN.

Eigedomen vert berørt med areal til kantsteinsparkering (parkering langs Sentrumsgata i 2,5 meters bredde) samt 3 meter breidt gangareal innanfor. Det er såleis teke minst mogeleg areal til parkering/gangvegareal for å få til ei praktisk løysing (vedlikehald m.v.)

Utnyttingsgrad og reguleringsføremål på tomta forøvrig vert ikkje berørt av omreguleringen.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

### 10. HAAKEN ANDERSEN.

Planforslaget inneber ingen endring i forhold til gjeldande stadfesta reguleringsplan for området bortsett frå at gangvegarealet er offentleg mot tidlegare felles privat areal.

**Protesten er ikkje teken til fylgje.**

### 11. TORBJØRN RUSTBERGGARD.

Merknadane er av generell karakter med tilvisning til separate merknader til dei forskjellige eigedomane Rustberggard har i sentrum. (sjå nedanfor)

### 12. LANDBRUKSKONTORET, JORDBRUKSETATEN I GOL V/OLAV BRØNSTAD.

Utstillingsplassen for husdyr har i fleire år vore på arealet vest for kommunehuset. Dette arealet er i gjeldande stadfesta reguleringsplan ikkje regulert til utstillingsplass, men til friareal som park, turveg, leik. Utstillingsplassen er i planforslaget regulert til utbyggingsareal for offentlege bygningar.

Ein føreset, som landbrukskontoret skriv, at kommunen og landbruksetaten i nært samarbeid arbeider med å finne alternativ utstillingsplass.

**Merknadane er tekne til fylgje.**

### 13. JENNY OLAUSSEN.

Veg på austre kant av tomta frå Sentrumsgata og til parkeringsplass har same lokalisering som i gjeldande stadfesta reguleringsplan for området. Vegen og parkeringsplassen er i planforslaget regulert til offentleg veg- og parkeringsareal, mot privat felles atkomstveg og parkeringsplass i gjeldande stadfesta plan.

## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

I planforslaget er arealet mellom Sentrumsgata og bygningen på tomta regulert som offentlig gangvegareal. I gjeldande stadfesta reg.plan for området er dette arealet regulert til offentlig veggrunn med 3 meters privat felles gangvegareal heilt inntil og langs bygningsfasade på eigedomen.

**Klagen er ikkje teken til fylgje.**

14. PER SØRBØL.

Gangvegen i planforslaget har same lokalisering som i gjeldande stadfesta plan, men gangarealet er no regulert til offentlig areal mot i gjeldande stadfesta plan privat fellesareal. Eigedomen vert såleis ikkje meir berørt enn i gjeldande stadfesta plan.

**Protesten vert ikkje teken til fylgje.**

15. KRISTIAN HAUGSTAD.

Planforslaget inneber ingen endring på eigedomen samanlikna med gjeldande stadfesta reguleringsplan bortsett frå at gangvegen no er offentlig mot i gjeldande plan privat fellesareal.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

16 og 17. SVERRE G. JOHANSEN.

Planforslaget inneber ingen endring på eigedomen samanlikna med gjeldande stadfesta reguleringsplan.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje**

18. EIDSGAARD HOTELL V/SOLVEIG VILLAND LINDHEIM.

Vegkrysset Sentrumsvegen/Gamlevegen er i planforslaget endra i forhold til gjeldande stadfesta plan for å oppprioritere Gamlevegen i forhold til Sentrumsvegen og såleis avlaste Sentrumsgata for unødig trafikk. Arealmessig blir eigedomen i planforslaget totalt sett mindre berørt enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

19. ANNE VENÅS V/OLAV VENÅS.

Planforslaget inneber ingen store endringar på eigedomen samanlikna med gjeldande stadfesta reguleringsplan. Byggegrense og gangareal mot Sentrumsgata kjem ikkje nærare bygningane enn i gjeldande reguleringsplan for området.

**Klagen er ikkje teken til fylgje.**

REGEND/TXTTOR - 6

## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

---

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

20. KRISTI HAUGLAND.

Eigedomen blir i planforslaget berørt av eit 3 meters breidt gangvegarel. Eit fortau bør minimum ha 3 meters breidde.

**Klagen er ikkje teken til fylgje.**

21. PERS EIGEDOM A/S V/TORBJØRN RUSTBERGGARD.

Merknadane gjeld parkering ved kafeteria Pers hotell. Gangvegarealet kan vera offentleg sjølv om kommunen ikkje ervervar arealet. Ønska skråparkeringsplass blir tungvint og lite praktisk då bilane ikkje kan snu inne på parkeringsplassen.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

22. A/S DALHEIMGÅRDEN V/TORBJØRN RUSTBERGGARD.

Eigedomane Dalheim/Dalebu og Pers hyttepark må kunne sikrast atkomst frå Gamlevegen via avkjørsel til offentleg parkeringsplass for kommunehuset.

**Merknadane er tekne til fylgje.**

## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

### 23.D-INVEST A/S V/TORBJØRN RUSTBERGGARD.

Ønska kantsteinsparkeringsplassar framanfor Manstyle/Modelle kan ikkje tilrådest då siktforholda i tilliggande avkjørsler ikkje vert tilfredsstillande.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

### 24. D-INVEST A/S V/TORBJØRN RUSTBERGGARD OG SENTRUMSVEGEN 77 V/BJØRN GABRIELSEN.

Merknadane gjeld parkering framanfor Narvesen- og Bottolvsletten-bygget. Det vert teke omsyn til merknadane på vilkår av at det mellom Sentrumsvegen og parkeringsplassen vert eit 3 meters breidt fysisk skille i form av oppbygd rabbatt og på vilkår av at det vert eit minst 3 meter breidt fortau inntil bygningsfasade og at parkeringsplassen ikkje får inn-/utkjøring til Dalavegen.

**Merknadane er tekne til fylgje.**

### 25. EIGEDOMEN VARDEN V/TORBJØRN RUSTBERGGARD OG EIGEDOMEN BRENNMO V/KARI BRENN.

Merknadane gjeld fellesavkjørsel frå Dalavegen til nemnde eigedomar.

**Merknadane er tekne til fylgje.**

### 26. GOL SPAREBANK V/ARNE AAS OG HELGE BRENN.

Merknadane gjeld minst mogleg beskjæring av banken sitt areal til offentleg veg, parkering og gangvegareal. Midtlinje offentleg veg aust og sør for banken vert oppretthalde, men total vegbreidde vert redusert til 6,0 meter. 3 meter breidt fortau og kantsteinparkering vert oppretthalde.

**Merknadane er delvis tekne til fylgje ved at breidde på offentleg veg aust for bankbygningen er redusert frå 7,0 til 6,0 meter.**

### 27. ANNE HAAVELMOEN.

Haavelmoen ber om at hennar eigedom vert regulert til bustadareal. Eigedomen er i gjeldande stadfesta reguleringsplan regulert til forretnings- og serviceformål.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

### 28. ARNFINN STAKE.

Eigedomen er i planforslaget ikkje sterkare berørt enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan for området. Eksisterande innkjøring kan nyttast inntil veg til bakanforliggende parkeringsplass er realisert.

# M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

Stake kan sjølv opparbeide sin del av bakanforliggende parkeringsplass og stå som eigar av arealet dersom opparbeidinga skjer i samsvar med kommunen sine retningslinjer for opparbeiding av parkeringsplassar.

**Merknadane er tekne til fylgje.**

29. OLA OG RUTH KARI TURHUS.

Eigedomen vert i planforslaget mindre berørt enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan for området.

Parkering for eigedomen er i planforslaget forutsett skal skje på offentleg parkeringsplass vest for forretningen. Eksisterande avkjørsel kan kun nyttast til varetransport til/frå eigedomen.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

30. OSKAR GJESTEMOEN.

Bustadeigedomen vert ikkje sterkare berørt i planforslaget enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan. Formålgrensa mellom privat bustadareal og offentleg trafikkareal er uendra. Gangvegkryssing av Rv.49 bør lokaliserast der siktforhoda er best.

Når det gjeld bustad- og forretningseigedom ved Furuvegen så inneber ikkje planforslaget at ut- og innkjøring til eksisterande garasje skal stengast.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

31. A/S VINMONOPOLET V/BJARNE BERGET.

Innregulert avkjørsel frå Gamlevegen er i planforslaget identisk med gjeldande stadfesta reguleringsplan for området. Av omsyn til siktforholda langs Gamlevegen kan avkjørselen ikkje flyttast vesentleg lenger vestover.

**Merknaden er ikkje teken til fylgje.**

32. GUNNAR OG ANNA JORUNN HANSEN.

Offentleg vegtrase i planforslaget er ikkje endra i forhold til gjeldande stadfesta reguleringsplan for området.

Vegen er i dag skilta mellom Sisslevegen og Tronderudvegen slik at motorisert trafikk er forbudt på denne strekningen. Det kan bli aktuelt å opne vegen for lokaltrafikk, når riksvegtrafikken til Valdres er lagt om.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

33. NILS RUSTEN.

Eigedomen vert i planforslaget ikkje meir berørt enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan.

**Merknaden er ikkje teken til fylgje.**

## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

### 34. RAGNHILD OG ERIK HOFTUN.

I samsvar med tidlegare makeskifte mellom kommunen og Hoftun vert offentleg parkeringsplass flytt austover slik at den ikkje berører Hoftun sin eigedom.

**Merknaden er teken til fylgje.**

35. BUSKERUDBANKEN V/O.BERGENE, GOL APPARTEMENTSHOTELL A/S V/TORBJØRN RUSTBERGGARD, HAGEN V/ALFRED JORDHEIM OG ÅSHEIM V/TORBJØRN RUSTBERGGARD.

Breidda på parkeringsplassen med tilliggande gangvegareal er i planforslaget identisk med gjeldande stadfesta reguleringsplan for området. Ein er enig i at utviding i breidda på p.-plassen vil gje vesentleg betre utnytting av arealet til parkeringformål.

Dersom dei berørte grunneigarane på frivillig basis vil utvide breidda på innregulert parkeringsplass, så vil kommunen ikkje motsette seg dette.

**Merknadane vert ikkje tekne til fylgje i og med at planforslaget ikkje vert endra no.**

### 36. HALVOR BOTTEN.

Ein kan ikkje tilrå meir enn ei felles innkjøring til eigedomane til Peder A. Rustberggard og Halvor Botten. Fordeling av parkeringsplassarealet mellom eigedomane vert forholdet mellom eigedomane sine areal innanfor parkeringsplassen.

Dersom bygningsrådet si tilråding om endra lokalisering av Sentrumsgata får tilslutning i kommunestyret, må endra forslag for dette området leggest ut til offentleg ettersyn på nytt, med ny frist for å koma med merknader.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

### 37. KRISTOFFER OG GURO RUST.

Eigedomen vert ikkje meir berørt i planforslaget enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan. Spørsmålet om eventuell flytting av hus og garasje vert å ta opp når reguleringsplanen for dette området skal realiserast.

**Merknaden er ikkje teken til fylgje.**

### 38. PER G. VIKO.

Viko har forståelse for fortau, men set som krav at kommunen skaffar han tilbake minst like stort areal som blir teke til fortau, og av same verdi.

**Kravet vert ikkje teke til fylgje.**



## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

39. ARNE RUSTEN.

Eigedomen er i planforslaget ikkje meir berørt av gang-og vegareal enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan for området.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

40. WILHELM E. EIDSGAARD.

Offentleg parkeringsplass i planforslaget bør ikkje reduserast då det er behov for parkeringsplassar i området.

Eidsgaard kan stå som eigar av sin del av parkeringsplassen dersom opparbeiding skjer etter kommunens retningsliner for opparbeiding av parkeringsplassar.

Avkjørsel frå privat garasje må skje via innkjøring til parkeringsplass.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

41. HELGE VIKO.

Eigedomen er i planforslaget mindre berørt enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan då breidda på Gamlevegen er redusert frå 8,0 til 7,0 meter.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

42. ARNFIN HAUGEN.

Lokalisering av parkeringsplassen ved eigedomen til Haugen er identisk med gjeldande stadfesta reguleringsplan for området.

**Klagen er ikkje teken til fylgje.**

43. ASLAK ØYNEBRÅTEN.

Grensa mellom forretningsformål og bustadformål er i planforslaget identisk med gjeldande stadfesta reguleringsplan for området.

**Merknaden er ikkje teken til fylgje.**

44. ANS GOL NÆRINGSBYGG V/GUNNAR SKREDDERBERGET.

Planforslaget berører ikkje byggegrense. Planforslaget inneber 2,5 meter brei kantsteinsparkering langs Sentrumsgata med 3 meter breidt fortau innanfor mot bygningsfasade.

**Klagen er ikkje teken til fylgje.**

45. OLAV O. SKREDDERBERGET.

Lokalisering av parkeringsplass med tilliggande gangvegssystem er i planforslaget identisk med gjeldande stadfesta reguleringsplan for området.

**Klagen er ikkje teken til fylgje.**

## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

### 46. OLAV KLEPP V/GUNNAR SKREDDERBERGET.

Eigedomen er i planforslaget ikkje meir berørt enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan for området.

Dersom bygningsrådet si tilråding om endra lokalisering av Sentrumsgata i dette området blir vedtatt i kommunestyret, vil endra planforslag i dette området bli lagt ut til offentleg ettersyn på nytt, med ny frist for merknader.

**Klagen er ikkje teken til fylgje.**

### 47. OTTO SKREDDERBERGET V/ADV.OLA TOLLEFSRUD.

Protesten vert teken til fylgje slik at 4 meter breidt offentleg fortau vert lagt ut mot Sentrumsgata. Det er elles eit vilkår at det vert opparbeidd eit 3 meter breidt privat fortau framanfor forretningsfasade (mot Sentrumsgata). Arealet mellom forttaua vert privat kjøre-/parkeringsareal. Byggegrensa mot Sentrumsgata vert oppretthalde som i gjeldande stadfesta reguleringsplan for området.

**Protesten er teken til fylgje.**

### 48. EINAR VIKO.

Viko meiner det er unødvendig med fortau på sørsida av Sentrumsgata over hans bustadeigedom.

Bygningsrådet meiner det er rett å planlegge gangvegareal på begge sider av Sentrumsgata i heile Gol sentrum av omsyn til dei mjuke trafikkantar.

Viko skriv at sagtomta hans ikkje vert berørt av omreguleringen.

Dette er ikkje tilfelle. Sagtomta er omregulert frå landbruk til forretnings-/serviceformål.

**Protesten er ikkje teken til fylgje.**

### 49. HALLINGDAL KRAFTLAG.

Omlegging av Valdresvegen er i planforslaget identisk med gjeldande stadfesta reguleringsplan for området.

Hallingdal Kraftlag protesterar ikkje på planforslaget, men ber om opplysningar om vidareføring av Valdresvegen. Bygningsrådet føreset at teknisk etat orienterar kraftlaget.

### 50. KJELL STEINSBØ.

Under føresetnad av at eksisterande mur på Gislerud sin eigedom ikkje vert berørt og at treet ved nabogrensa ikkje vert øydelagt, har Steinsbø ikkje merknader til planforslaget når det gjeld eigedomen 25/95. Bygningsrådet er samd i desse føresetnadane.

# M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

Når det gjeld breidda på gangvegarealet, så står det i forslag til reguleringsføresegner:

"I regulert gangvegareal kan det tillatast beplantning, plassering av hagebenkar, utstilling av salsvarer m.v. der det er god plass til dette og utan at dette hindrar gangvegplassasje. Detaljplan for slik utnytting av regulert gangvegareal skal godkjennast av bygningsrådet".

Ut frå dette og ut frå det syn at kommunen nødvendigvis ikkje treng å erverve heile gangvegarealet dersom kommunen og grunneigar vert enige om detaljplan for gangvegarealet, oppfattar ein ikkje merknadane frå Steinsbø som nokon protest. Dette og fordi vedlagde skisse frå Steinsbø viser at privat parkeringsplass (8 plassar) ikkje kjem i konflikt med regulert offentleg gangvegareal.

Bygningsrådet oppfattar ikkje merknadane frå Steinsbø som nokon protest mot planforslaget.

51. ARNE GJERDEN M.FL. V/ ADV. SIGURD BANG.

Brevet gjeld kun fristforlenging for merknader til planforslaget. Sjå merknader under nr. 53 nedanfor.

52. RINGERIKE POLITIKAMMER.

Ringerike politikammer har ingen merknader til planforslaget.

53. ARNE GJERDEN M.FL. V/ADV. SIGURD BANG.

II Adv. Bang må ha lite kjennskap til næringslivs- og trafikkutvikling i Gol sentrum når han kan hevde at reguleringsplanen inneheld for store parkeringsareal. Regulering av gangvegareal på begge sider av Sentrumsgata har som konsekvens at eit betydeleg antal parkeringsplassar blir borte og såleis må opparbeidast andre stader.

Lokalisering og storleik på så og seie alle større parkeringsplassar er i planforslaget identisk med gjeldande reguleringsplan for Gol sentrum vest. Adv. Bang hevdar vidare at einskilde eigedomar i urimeleg grad blir belasta med parkerings- og/eller grøntareal og at andre går fri. Han skriv vidare: "Denne faktiske forskjellsbehandling kan vanskelig begrunnes i avgjørende reguleringshensyn". Dette er ein grov påstand som klart viser at adv. Bang på vegne av sine klientar ikkje har sett seg inn i reguleringsplanforslaget og bakgrunnen for dette.

III ARNE GJERDEN.

Eigedomen vert i planforslaget meir berørt (ca 450 m<sup>2</sup>) enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan for området. Innregulert park-/grøntareal er gjort for å "bryte opp" Sentrumsgata og såleis skape eit trivlegare miljø langs Sentrumsgata. Gjerden har likevel igjen areal for betydeleg utbygging inntil regulert parkerings-/grøntareal.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

### IV ANNE VENÅS.

Eigedomen vert i planforslaget ikkje meir berørt enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan for området. Bygningsrådet held fast på lokalisering og utforming på parkeringsplassen sørvest for bebyggelsen på eigedomen.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

### V SIGRID EIDSGÅRD.

Eigedomen vert i planforslaget arealmessig ikkje vesentleg meir berørt enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan for området. I planforslaget er det på vestsida av huset regulert inn nord-/sørgående offentleg gate medan denne vegen i gjeldande planforslag er felles privat veg inn til felles privat parkeringsplass.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

### VI KJELL EIDSGÅRD.

Planforslaget er stort sett i samsvar med sist vedtekte reguleringsplan som er stadfesta 11.11.86. Eit 5 meter breidt grøntareal innanfor offentleg gangveg langs Sentrumsgata er i planforslaget fjerna. Deler av gangvegareal på vestsida av eigedomen ligg på kommunen sin eigedom.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

### VII INGEBORG BRY.

Atkomst til eigedomen må skje til offentleg veg langs sørgrensa av eigedomen. Bry har ved fleire høve klaga på sin atkomstveg nordover til Sentrumsgata p.g.a. parkerte bilar i vegen. Det må difor vera ein stor fordel for eigedomen og få atkomst sørover.

**Merknadane vert ikkje tekne til fylgje.**

### VIII ASTRID ESPEDOKKEN STENSRUD.

Planforslaget inneber ingen endring i forhold til gjeldande stadfesta reguleringsplan bortsett frå at parkeringsplass og gangveg er offentleg areal mot tidlegare privat fellesareal.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

### 54. GOL LANDBRUKSNEMND.

Landbruksnemnda har ingen innvendingar mot planforslaget.

### 55. HALLINGDAL BRANNKASSE v/MAGNE MEDGARD.

Hallingdal Brannkasse har ingen innvendingar mot planforslaget.

## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

### 56. HOVEDUTVALET FOR KULTUR.

Ein gjer merksam på at der det i planforslaget er avsett forholdsvis breie gangvegareal er det ein føresetnad at det skal lagast detaljplan som viser beplantning, gangpassasje, sittegrupper (hagebenkar), sykkelstativ, blomsterkasser, utstillingsplass for salsvarer m.v., jfr. §10 i reguleringsføresegnene. Det er såleis lagt til rette for grøntanlegg også i området ved Hallingsenteret.

Kulturutvalet sitt syn og ønske om "meir grønt" i Gol sentrum er såleis fullt ut i samsvar med bygningsrådet sitt syn.

### 57. GOL HELSERÅD.

Helserådet minner om sitt vedtak i sak 57/85 om plassering av offentleg toalett med handikaptalett i tilknytning til busshaldeplassen. Elles ingen merknader til planen.

### 58. GOL TRAFIKKRÅD.

Trafikkrådet ber om ei snarleg løysing på gangvegareal langs Sentrumsgata, slik at forholde for dei mjuke trafikantane blir tilfredsstillande.

### 59. TELEVERKET.

Ingen spesielle merknader.

### 60 BUSKERUD FYLKESKOMMUNE.

Merknadane om friareal langs Heimsil, reguleringsformål for offentlege byggeområder og frisiktlinjer vert innarbeidd i planforslaget. Offentleg byggeområde på eigedomen til Olav Klepp vert trafikkterminal.

### **Merknadane vert tekne til fylgje.**

### 61. FYLKESLANDBRUKSSJEFEN I BUSKERUD.

Ingen spesielle merknader.

### 62. HELSE- OG SOSIALUTVALET I GOL.

Helse- og sosialutvalet ser det som viktig at det vert opparbeidd gang-/sykkelvegareal langs Sentrumsgata snarast. Elles ingen spesielle merknader.

### 63. UNIVERSITETETS OLDSAKSAMLING.

Ingen innvendingar mot planforslaget.

## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

### 64. VEGKONTORET I BUSKERUD.

Merknadane frå vegkontoret når det gjeld frisisiktsoner, unngåing av x-kryss ved å endre del av vegsystemet i området vest for LK-senteret og dermed få meir gangvegareal, vert tekne til fylgje.

**Merknadane delvis tekne til fylgje.**

### 65. GENERALPLANUTVALET I GOL.

Dersom det skal vera smalare gangvegareal langs sentrumsvegen vil ein foreslå at kommunen held fast på tidlegare reguleringsplan for Gol sentrum vest for området på begge sider av Sentrumsvegen og opparbeider regulert offentleg vegareal mellom køyrebane og privat gangareal til offentleg gangveg.

Offentleg veg/gate mellom Gol bygg og Husfliden kan ikkje tilråadast då det medført 2 T-kryss med Sentrumsgata med for liten avstand imellom. Å ta bort køyreveg mellom Gol sparebank og Skohuset til fordel for gangveg vil auke trafikken i krysset med Gamlevegen vest for Polgården. Dette krysset har dårleg frisikt. Då burde heller krysset mot Gamlevegen stengast slik at all trafikk til dette området gjekk på austsida av bygget til Gol sparebank.

Inntegna parkeringsplass på kommunehustomta bør tilpassast planane for nytt kommunehus (situasjonsplan for nytt kommunehus var ikkje avklara då planforslaget vart fremja).

Bygningsrådet kan ikkje gå inn for at arealet vest for regulert torg vert regulert til offentleg areal for oppføring av trygdebustader framfor bustadformål for dei som bur der i dag.

Arealet bør oppretthaldast som forretningsareal då planforslaget legg opp til utvikling i dette området med fleire offentlege vegar og gangvegar. Planforslaget er ikkje til hinder for bustadformål i 2. og 3. etasje i regulert forretningsareal.

Parkeringsarealet aust for eigedomen til Kristian Haugstad er ikkje vist i det nye planforslaget. Det er dermed ikkje sagt at det ikkje blir aktuelt med parkeringsplassar i dette området.

Eigedomen til Kristian Haugstad blir ikkje meir berørt enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan for området.

Når det gjeld lokalisering av busslommer, sjå merknader under pkt.66 nedanfor.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje med unntak av at parkeringsplassen vest for nytt kommunehus må tilpassast situasjonsplan for nytt kommunehus.**

### 66. BUSKERUD FYLKE, SAMFERDSELSADMINISTRASJONEN.

Innregulert busslomme utanfor G-MAT utgår.  
Det vert innregulert tosidig busslomme langs Sentrumsvegen i området ved Gjengedal bakeri. Det vert dessutan inntegna busslomme på nordsida av Sentrumsvegen ved meieriet.

**Merknadane er tekne til fylgje.**

# M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

PLANFORSLAGET KAN EIGENGODKJENNAST AV KOMMUNESTYRET DÅ INGEN FYLKESKOMMUNALE ELLER STATLEGE INSTANSAR HAR INNVENDINGAR TIL PLANFORSLAGET.

Plan og føresegner vert oversendt Gol kommunestyre for sluttbehandling.

3550 Gol, 25.03.87.

Oddvar Fjøsne.

## BYGNINGSRÅDET SITT VEDTAK:

Bygningsrådet går inn for fylgjande uttale til dei merknader/protestar som er innkomne i samband med at plan og føresegner har vore lagt ut til offentleg ettersyn i tida 17.12.86 til 19.01.87:

### 1. IVAR OG INGVAR LIE.

Protesten vert delvis teken til fylgje ved at bygningsrådet går inn for å flytte Sentrumsvegen nordover slik at den blir liggande omtrent som i gjeldande stadfesta plan for Gol sentrum vest. Dette vil medføre at det vert fleire parkeringsplassar på nordsida av forretningen enn planforslaget inneber.

Protesten forøvrig vert ikkje teken til fylgje.

**Protesten er delvis teken til fylgje.**

Vedteke med 5 mot 2 stemmer.

### 2. AGNES BREDESEN.

Eigedomen vert ikkje meir berørt i planforslaget enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan.

**Protesten er ikkje teken til fylgje.**

3. GOL BYGG A/S V/P.A. RUSTBERGGÅRD, IVAR LIE, OLA PERSTØLEN, HALLINGDAL HUSFLID L/L V/MONA RUSTAND, OLE STENSGÅRD, KARI BIRGIT TVEITO, LIV H. LEHN, OLAV SKREDEGÅRD, OLAV BJØRNEBRÅTEN, E.B. EIDSGAARD.

Protesten vert teken til fylgje slik at Sentrumsvegen vert flytta nordover omtrent i samsvar med gjeldande stadfesta reguleringsplan. Dette medfører at antal parkeringsplassar på nordsida av forretningane i størst mogleg grad vert oppretthalde. Offentleg gangareal må leggest inntil forretningsfasade. Det må vidare opparbeidast 3 meter brei rabatt mellom Sentrumsvegen og parkeringsplassen.

**Merknadane er tekne til fylgje.**

Vedteke med 5 mot 2 stemmer.

## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

### 4. OLAV DOKKEN.

Det er ikkje teke meir av eigedomen enn det som er nødvendig til kantsteinsparkering og 3 meter breidt fortau.

**Protesten er ikkje teken til fylgje.**

Ola Sagabråten fremja fylgjande forslag: Kantsteinsparkering langs tomta til Dokken utgår av planen. Spørsmålet vert å ta opp att ved bruksendring. Forslaget frå Sagabråten vart nedstemt med 5 mot 2 stemmer.

### 5. KNUT BERGUN.

Lokalisering og avgrensing av større parkeringsplass er ikkje endra i forhold til gjeldande stadfesta reguleringsplan for området.

**Protesten er ikkje teken til fylgje.**

### 6. E.B.EIDSGAARD.

Forretningstomt ved Hesla bru vert ikkje meir berørt i planforslaget enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan for området. Avkjørsel til m.a. Polgården kan ikkje flyttast vesentleg lenger vestover på grunn av siktforholda langs Gamlevegen.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

### 7. MARGIT MARKEGÅRD.

Det vert klaga over breidda på gangveg på austsida av eigedomen. Ola Sagabråten fremja forslag om 6 meter breidde på gangvegarealet rekna ut frå same midtline som i planforslaget. Forslaget frå Sagabråten vart samrøystes vedteke.

**Merknaden er teken til fylgje.**

### 8. TURID AAKER.

Eigedomen vert ikkje sterkare berørt av gangvegen enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan for området.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

### 9. SIGRID BJØRNEBRÅTEN.

Eigedomen vert berørt med areal til kantsteinsparkering (parkering langs Sentrumsgata i 2,5 meters bredde) samt 3 meter breidt gangareal innanfor. Det er såleis teke minst mogeleg areal til parkering/gangvegareal for å få til ei praktisk løysing (vedlikehald m.v.)



## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

Utnyttingsgrad og reguleringsføremål på tomta forøvrigt vert ikkje berørt av omreguleringen.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

10. HAAKEN ANDERSEN.

Planforslaget inneber ingen endring i forhold til gjeldande stadfesta reguleringsplan for området bortsett frå at gangvegarealet er offentleg mot tidlegare felles privat areal.

**Protesten er ikkje teken til fylgje.**

11. TORBJØRN RUSTBERGGARD.

Merknadane er av generell karakter med tilvisning til separate merknader til dei forskjellige eigedomane Rustberggard har i sentrum. (sjå nedanfor)

12. LANDBRUKSKONTORET, JORDBRUKSETATEN I GOL V/OLAV BRØNSTAD.

Utstillingsplassen for husdyr har i fleire år vore på arealet vest for kommunehuset. Dette arealet er i gjeldande stadfesta reguleringsplan ikkje regulert til utstillingsplass, men til friareal som park, turveg, leik. Utstillingsplassen er i planforslaget regulert til utbyggingsareal for offentlege bygningar.

Ein føreset, som landbrukskontoret skriv, at kommunen og landbruksetaten i nært samarbeid arbeider med å finne alternativ utstillingsplass.

**Merknadane er tekne til fylgje.**

13. JENNY OLAUSSEN.

Veg på austre kant av tomta frå Sentrumsgata og til parkeringsplass har same lokalisering som i gjeldande stadfesta reguleringsplan for området. Vegen og parkeringsplassen er i planforslaget regulert til offentleg veg- og parkeringsareal, mot privat felles atkomstveg og parkeringsplass i gjeldande stadfesta plan.

I planforslaget er arealet mellom Sentrumsgata og bygningen på tomta regulert som offentleg gangvegareal. I gjeldande stadfesta reg.plan for området er dette arealet regulert til offentleg veggrunn med 3 meters privat felles gangvegareal heilt inntil og langs bygningsfasade på eigedomen.

**Klagen er ikkje teken til fylgje.**

## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

### 14. PER SØRBØL.

Gangvegen i planforslaget har same lokalisering som i gjeldande stadfesta plan, men gangarealet er no regulert til offentleg areal mot i gjeldande stadfesta plan privat fellesareal. Eigedomen vert såleis ikkje meir berørt enn i gjeldande stadfesta plan.

**Protesten vert ikkje teken til fylgje.**

Ola Sagabråten fremja forslag om å fjerne gangvegen. Forslaget vart nedstemt med 5 mot 2 stemmer.

### 15. KRISTIAN HAUGSTAD.

Planforslaget inneber ingen endring på eigedomen samanlikna med gjeldande stadfesta reguleringsplan bortsett frå at gangvegen no er offentleg mot i gjeldande plan privat fellesareal.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

Ola Sagabråten fremja forslag om å fjerne gangvegen. Forslaget vart nedstemt med 5 mot 2 stemmer.

### 16 og 17. SVERRE G. JOHANSEN.

Planforslaget inneber ingen endring på eigedomen samanlikna med gjeldande stadfesta reguleringsplan.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje**

### 18. EIDSGAARD HOTELL V/SOLVEIG VILLAND LINDHEIM.

Vegkrysset Sentrumsvegen/Gamlevegen er i planforslaget endra i forhold til gjeldande stadfesta plan for å oppprioritere Gamlevegen i forhold til Sentrumsvegen og såleis avlaste Sentrumsgata for unødig trafikk. Arealmessig blir eigedomen i planforslaget totalt sett mindre berørt enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

### 19. ANNE VENÅS V/OLAV VENÅS.

Planforslaget inneber ingen store endringar på eigedomen samanlikna med gjeldande stadfesta reguleringsplan. Byggegrense og gangareal mot Sentrumsgata kjem ikkje nærare bygningane enn i gjeldande reguleringsplan for området.

**Klagen er ikkje teken til fylgje.**

## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

### 20. KRISTI HAUGLAND.

Eigedomen blir i planforslaget berørt av eit 3 meters breidt gangvegarel. Eit fortau bør minimum ha 3 meters breidde.

**Klagen er ikkje teken til fylgje.**

### 21. PERS EIGEDOM A/S V/TORBJØRN RUSTBERGGARD.

Merknadane gjeld parkering ved kafeteria Pers hotell. Gangvegarealet kan vera offentleg sjølv om kommunen ikkje ervervar arealet. Ønska skråparkeringsplass blir tungvint og lite praktisk då bilane ikkje kan snu inne på parkeringsplassen.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

### 22. A/S DALHEIMGÅRDEN V/TORBJØRN RUSTBERGGARD.

Eigedomane Dalheim/Dalebu og Pers hyttepark må kunne sikrast atkomst frå Gamlevegen via avkjørsel til offentleg parkeringsplass for kommunehuset.

**Merknadane er tekne til fylgje.**

### 23. D-INVEST A/S V/TORBJØRN RUSTBERGGARD.

Ønska kantsteinsparkeringsplassar framanfor Manstyle/Modelle kan ikkje tilrådest då siktforholda i tilliggande avkjørsler ikkje vert tilfredsstillande.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

### 24. D-INVEST A/S V/TORBJØRN RUSTBERGGARD OG SENTRUMSVEGEN 77 V/BJØRN GABRIELSEN.

Merknadane gjeld parkering framanfor Narvesen- og Bottolvsletten-bygget. Det vert teke omsyn til merknadane på vilkår av at det mellom Sentrumsvegen og parkeringsplassen vert eit 3 meters breidt fysisk skille i form av oppbygd rabbatt og på vilkår av at det vert eit minst 3 meter breidt fortau inntil bygningsfasade og at parkeringsplassen ikkje får inn-/utkjøring til Dalavegen.

**Merknadane er tekne til fylgje.**

### 25. EIGEDOMEN VARDEN V/TORBJØRN RUSTBERGGARD OG EIGEDOMEN BRENNMO V/KARI BRENN.

Merknadane gjeld fellesavkjørsel frå Dalavegen til nemnde eigedomar.

**Merknadane er tekne til fylgje.**

## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

### 26. GOL SPAREBANK V/ARNE AAS OG HELGE BRENNØ.

Merknadane gjeld minst mogleg beskjæring av banken sitt areal til offentleg veg, parkering og gangvegareal.

Midtlinje offentleg veg aust og sør for banken vert oppretthalde, men total vegbredde vert redusert til 6,0 meter.

3 meter breidt fortau og kantsteinparkering vert oppretthalde.

**Merknadane er delvis tekne til fylgje ved at breidde på offentleg veg aust for bankbygningen er redusert frå 7,0 til 6,0 meter.**

### 27. ANNE HAAVELMOEN.

Haavelmoen ber om at hennar eigedom vert regulert til bustadareal.

Eigedomen er i gjeldande stadfesta reguleringsplan regulert til forretnings- og serviceformål.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

### 28. ARNFINN STAKE.

Eigedomen er i planforslaget ikkje sterkare berørt enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan for området.

Eksisterande innkjøring kan nyttast inntil veg til bakanforliggende parkeringsplass er realisert.

Stake kan sjølv opparbeide sin del av bakanforliggende parkeringsplass og stå som eigar av arealet dersom opparbeidinga skjer i samsvar med kommunen sine retningslinjer for opparbeiding av parkeringsplassar.

**Merknadane er tekne til fylgje.**

### 29. OLA OG RUTH KARI TURHUS.

Eigedomen vert i planforslaget mindre berørt enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan for området.

Parkering for eigedomen er i planforslaget forutsett skal skje på offentleg parkeringsplass vest for forretningen. Eksisterande avkjørsel kan kun nyttast til varetransport til/frå eigedomen.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

### 30. OSKAR GJESTEMOEN.

Bustadeigedomen vert ikkje sterkare berørt i planforslaget enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan. Formålsgrrensa mellom privat bustadareal og offentleg trafikkareal er uendra. Gangvegkryssing av Rv.49 bør lokaliserast der siktforhoda er best.

Når det gjeld bustad- og forretningseigedom ved Furuvegen så inneber ikkje planforslaget at ut- og innkjøring til eksisterande garasje skal stengast.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

### 31. A/S VINMONOPOLET V/BJARNE BERGET.

Innregulert avkjørsel frå Gamlevegen er i planforslaget identisk med gjeldande stadfesta reguleringsplan for området. Av omsyn til siktforholda langs Gamlevegen kan avkjørselen ikkje flyttast vesentleg lenger vestover.

**Merknaden er ikkje teken til fylgje.**

### 32. GUNNAR OG ANNA JORUNN HANSEN.

Offentleg vegtrase i planforslaget er ikkje endra i forhold til gjeldande stadfesta reguleringsplan for området. Vegen er i dag skilta mellom Sisslevegen og Tronderudvegen slik at motorisert trafikk er forbudt på denne strekningen. Det kan bli aktuelt å opne vegen for **lokaltrafikk**, når riksvegtrafikken til Valdres er lagt om.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

### 33. NILS RUSTEN.

Eigedomen vert i planforslaget ikkje meir berørt enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan.

**Merknaden er ikkje teken til fylgje.**

### 34. RAGNHILD OG ERIK HOFTUN.

I samsvar med tidlegare makeskifte mellom kommunen og Hoftun vert offentlig parkeringsplass flytt austover slik at den ikkje berører Hoftun sin eigedom.

**Merknaden er teken til fylgje.**

### 35. BUSKERUDBANKEN V/O.BERGENE, GOL APPARTEMENTSHOTELL A/S V/TORBJØRN RUSTBERGGARD, HAGEN V/ALFRED JORDHEIM OG ÅSHEIM V/TORBJØRN RUSTBERGGARD.

Breidda på parkeringsplassen med tilliggande gangvegareal er i planforslaget identisk med gjeldande stadfesta reguleringsplan for området. Ein er enig i at utviding i breidda på p.-plassen vil gje vesentleg betre utnytting av arealet til parkeringformål.

Dersom dei berørte grunneigarane på frivillig basis vil utvide breidda på innregulert parkeringsplass, så vil kommunen ikkje motsette seg dette.

**Merknadane vert ikkje tekne til fylgje i og med at planforslaget ikkje vert endra no.**

## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

### 36. HALVOR BOTTEN.

Ein kan ikkje tilrå meir enn ei felles innkjøring til eigedomane til Peder A. Rustberggard og Halvor Botten. Fordeling av parkeringsplassarealet mellom eigedomane vert forholdet mellom eigedomane sine areal innanfor parkeringsplassen.

Dersom bygningsrådet si tilråding om endra lokalisering av Sentrumsgata får tilslutning i kommunestyret, må endra forslag for dette området leggjast ut til offentleg ettersyn på nytt, med ny frist for å koma med merknader.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

Ola Sagabråten fremje forslag om 8 meters byggegrense parallelt med Sentrumsvegen og at felles privat parkeringsplass vert lokalisert på privat bustadareal nord for forretningstomta saman med innteikna parkeringsplass.

Forslaget frå Sagabråten vart nedstemt med 5 mot 2 stemmer.

### 37. KRISTOFFER OG GURO RUST.

Eigedomen vert ikkje meir berørt i planforslaget enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan. Spørsmålet om eventuell flytting av hus og garasje vert å ta opp når reguleringsplanen for dette området skal realiserast.

**Merknaden er ikkje teken til fylgje.**

### 38. PER G. VIKO.

Viko har forståelse for fortau, men set som krav at kommunen skaffar han tilbake minst like stort areal som blir teke til fortau, og av same verdi.

**Kravet vert ikkje teke til fylgje.**

### 39. ARNE RUSTEN.

Eigedomen er i planforslaget ikkje meir berørt av gang-og vegareal enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan for området.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

### 40. WILHELM E. EIDSGAARD.

Offentleg parkeringsplass i planforslaget bør ikkje reduserast då det er behov for parkeringsplassar i området.

Eidsgaard kan stå som eigar av sin del av parkeringsplassen dersom opparbeiding skjer etter kommunens retningslinjer for opparbeiding av parkeringsplassar.

Avkjørsel frå privat garasje må skje via innkjøring til parkeringsplass.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

### 41. HELGE VIKO.

Eigedomen er i planforslaget mindre berørt enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan då breidda på Gamlevegen er redusert frå 8,0 til 7,0 meter.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

### 42. ARNFIN HAUGEN.

Lokalisering av parkeringsplassen ved eigedomen til Haugen er identisk med gjeldande stadfesta reguleringsplan for området.

**Klagen er ikkje teken til fylgje.**

### 43. ASLAK ØYNEBRÅTEN.

Grensa mellom forretningsformål og bustadformål er i planforslaget identisk med gjeldande stadfesta reguleringsplan for området.

**Merknaden er ikkje teken til fylgje.**

### 44. ANS GOL NÆRINGSBYGG V/GUNNAR SKREDDERBERGET.

Planforslaget berører ikkje byggegrense. Planforslaget inneber 2,5 meter brei kantsteinsparkering langs Sentrumsgata med 3 meter breidt fortau innanfor mot bygningsfasade.

**Klagen er ikkje teken til fylgje.**

### 45. OLAV O. SKREDDERBERGET.

Lokalisering av parkeringsplass med tilliggande gangvegssystem er i planforslaget identisk med gjeldande stadfesta reguleringsplan for området.

**Klagen er ikkje teken til fylgje.**

### 46. OLAV KLEPP V/GUNNAR SKREDDERBERGET.

Eigedomen er i planforslaget ikkje meir berørt enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan for området.

Dersom bygningsrådet si tilråding om endra lokalisering av Sentrumsgata i dette området blir vedtatt i kommunestyret, vil endra planforslag i dette området bli lagt ut til offentleg ettersyn på nytt, med ny frist for merknader.

**Klagen er ikkje teken til fylgje.**

Vedteke med 5 mot 2 stemmer.

## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

### 47. OTTO SKREDDERBERGET V/ADV.OLA TOLLEFSRUD.

Protesten vert teken til fygje slik at 4 meter breidt offentleg fortau vert lagt ut mot Sentrumsgata. Det er elles eit vilkår at det vert opparbeidd eit 3 meter breidt privat fortau framanfor forretningsfasade (mot Sentrumsgata). Arealet mellom fortaua vert privat kjøre-/parkeringsareal. Byggegrensa mot Sentrumsgata vert oppretthalde som i gjeldande stadfesta reguleringsplan for området.

**Protesten er teken til fylgje.**

### 48. EINAR VIKO.

Viko meiner det er unødvendig med fortau på sørsida av Sentrumsgata over hans bustadeigedom.

Bygningsrådet meiner det er rett å planlegge gangvegareal på begge sider av Sentrumsgata i heile Gol sentrum av omsyn til dei mjuke trafikkantar. Viko skriv at sagtomta hans ikkje vert berørt av omreguleringen. Dette er ikkje tilfelle. Sagtomta er omregulert frå landbruk til forretnings-/serviceformål.

**Protesten er ikkje teken til fylgje.**

### 49. HALLINGDAL KRAFTLAG.

Omlegging av Valdresvegen er i planforslaget identisk med gjeldande stadfesta reguleringsplan for området.

Hallingdal Kraftlag protesterar ikkje på planforslaget, men ber om opplysningar om vidareføring av Valdresvegen. Bygningsrådet føreset at teknisk etat orienterar kraftlaget.

### 50. KJELL STEINSBØ.

Under føresetnad av at eksisterande mur på Gislerud sin eigedom ikkje vert berørt og at treet ved nabogrensa ikkje vert øydelagt, har Steinsbø ikkje merknader til planforslaget når det gjeld eigedomen 25/95.

Bygningsrådet er samd i desse føresetnadane.

Når det gjeld breidda på gangvegarealet, så står det i forslag til reguleringsføresegner:

"I regulert gangvegareal kan det tillast beplantning, plassering av hagebenkar, utstilling av salsvarer m.v. der det er god plass til dette og utan at dette hindrar gangvegplassasje. Detaljplan for slik utnytting av regulert gangvegareal skal godkjennast av bygningsrådet".



## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

Ut frå dette og ut frå det syn at kommunen nødvendigvis ikkje treng å erverve heile gangvegarealet dersom kommunen og grunneigar vert enige om detaljplan for gangvegarealet, oppfattar ein ikkje merknadane frå Steinsbø som nokon protest. Dette og fordi vedlagde skisse frå Steinsbø viser at privat parkeringsplass (8 plassar) ikkje kjem i konflikt med regulert offentleg gangvegareal.

Bygningsrådet oppfattar ikkje merknadane frå Steinsbø som nokon protest mot planforslaget.

51. ARNE GJERDEN M.FL. V/ ADV. SIGURD BANG.

Brevet gjeld kun fristforlenging for merknader til planforslaget. Sjå merknader under nr. 53 nedanfor.

52. RINGERIKE POLITIKAMMER.

Ringerike politikammer har ingen merknader til planforslaget.

53. ARNE GJERDEN M.FL. V/ADV. SIGURD BANG.

II Adv. Bang må ha lite kjennskap til næringslivs- og trafikkutvikling i Gol sentrum når han kan hevde at reguleringsplanen inneheld for store parkeringsareal. Regulering av gangvegareal på begge sider av Sentrumsgata har som konsekvens at eit betydeleg antal parkeringsplassar blir borte og såleis må opparbeidast andre stader.

Lokalisering og storleik på så og seie alle større parkeringsplassar er i planforslaget identisk med gjeldande reguleringsplan for Gol sentrum vest. Adv. Bang hevdar vidare at einskilde eigedomar i urimeleg grad blir belasta med parkerings- og/eller grøntareal og at andre går fri. Han skriv vidare: "Denne faktiske forskjellsbehandling kan vanskelig begrunnes i avgjørende reguleringshensyn". Dette er ein grov påstand som klart viser at adv. Bang på vegne av sine klientar ikkje har sett seg inn i reguleringsplanforslaget og bakgrunnen for dette.

III ARNE GJERDEN.

Eigedomen vert i planforslaget meir berørt (ca 450 m<sup>2</sup>) enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan for området. Innregulert park-/grøntareal er gjort for å "bryte opp" Sentrumsgata og såleis skape eit trivlegare miljø langs Sentrumsgata. Gjerden har likevel igjen areal for betydeleg utbygging inntil regulert parkerings-/grøntareal.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

IV ANNE VENÅS.

Eigedomen vert i planforslaget ikkje meir berørt enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan for området. Bygningsrådet held fast på lokalisering og utforming på parkeringsplassen sørvest for bebyggelsen på eigedomen.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

V SIGRID EIDSGÅRD.

Eigedomen vert i planforslaget arealmessig ikkje vesentleg meir berørt enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan for området. I planforslaget er det på vestsida av huset regulert inn nord-/sørgående offentleg gate medan denne vegen i gjeldande planforslag er felles privat veg inn til felles privat parkeringsplass.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

VI KJELL EIDSGÅRD.

Planforslaget er stort sett i samsvar med sist vedteke reguleringsplan som er stadfesta 11.11.86. Eit 5 meter breidt grøntareal innanfor offentleg gangveg langs Sentrumsgata er i planforslaget fjerna. Deler av gangvegareal på vestsida av eigedomen ligg på kommunen sin eigedom.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

VII INGEBORG BRY.

Atkomst til eigedomen må skje til offentleg veg langs sørgrensa av eigedomen. Bry har ved fleire høve klaga på sin atkomstveg nordover til Sentrumsgata p.g.a. parkerte bilar i vegen. Det må difor vera ein stor fordel for eigedomen og få atkomst sørover.

**Merknadane vert ikkje tekne til fylgje.**

VIII ASTRID ESPEDOKKEN STENSRUD.

Planforslaget inneber ingen endring i forhold til gjeldande stadfesta reguleringsplan bortsett frå at parkeringsplass og gangveg er offentleg areal mot tidlegare privat fellesareal.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje.**

54. GOL LANDBRUKSNEMND.

Landbruksnemnda har ingen innvendingar mot planforslaget.

55. HALLINGDAL BRANNKASSE v/MAGNE MEDGARD.

Hallingdal Brannkasse har ingen innvendingar mot planforslaget.

## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

### 56. HOVEDUTVALET FOR KULTUR.

Ein gjer merksam på at der det i planforslaget er avsett forholdsvis breie gangvegareal er det ein føresetnad at det skal lagast detaljplan som viser beplantning, gangpassasje, sittegrupper (hagebenkar), sykkelstativ, blomsterkasser, utstillingsplass for salsvarer m.v., jfr. §10 i reguleringsføresegnene. Det er såleis lagt til rette for grøntanlegg også i området ved Hallingsenteret.

Kulturutvalet sitt syn og ønske om "meir grønt" i Gol sentrum er såleis fullt ut i samsvar med bygningsrådet sitt syn.

### 57. GOL HELSERÅD.

Helserådet minner om sitt vedtak i sak 57/85 om plassering av offentleg toalett med handikaptalett i tilknytning til busshaldeplassen. Elles ingen merknader til planen.

### 58. GOL TRAFIKKRÅD.

Trafikkrådet ber om ei snarleg løysing på gangvegareal langs Sentrumsgata, slik at forholda for dei mjuke trafikkantane blir tilfredsstillande.

### 59. TELEVERKET.

Ingen spesielle merknader.

### 60 BUSKERUD FYLKESKOMMUNE.

Merknadane om friareal langs Heimsil, reguleringsformål for offentlege byggeområder og frisiktlinjer vert innarbeidd i planforslaget. Offentleg byggeområde på eigedomen til Olav Klepp vert trafikkterminal.

**Merknadane vert tekne til fylgje.**

### 61. FYLKESLANDBRUKSSJEFEN I BUSKERUD.

Ingen spesielle merknader.

### 62. HELSE- OG SOSIALUTVALET I GOL.

Helse- og sosialutvalet ser det som viktig at det vert opparbeidd gang-/sykkelvegareal langs Sentrumsgata snarast. Elles ingen spesielle merknader.

### 63. UNIVERSITETETS OLDSAKSAMLING.

Ingen innvendingar mot planforslaget.

## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

### 64. VEGKONTORET I BUSKERUD.

Merknadane frå vegkontoret når det gjeld frisisiktsoner, unngåing av x-kryss ved å endre del av vegsystemet i området vest for LK-senteret og dermed få meir gangvegareal, vert tekne til fylgje.

**Merknadane delvis tekne til fylgje.**

### 65. GENERALPLANUTVALET I GOL.

Dersom det skal vera smalare gangvegareal langs sentrumsvegen vil ein foreslå at kommunen held fast på tidlegare reguleringsplan for Gol sentrum vest for området på begge sider av Sentrumsvegen og opparbeider regulert offentleg vegareal mellom køyrebane og privat gangareal til offentleg gangveg.

Offentleg veg/gate mellom Gol bygg og Husfliden kan ikkje tilråast då det medført 2 T-kryss med Sentrumsgata med for liten avstand imellom.

Å ta bort køyreveg mellom Gol sparebank og Skohuset til fordel for gangveg vil auke trafikken i krysset med Gamlevegen vest for Polgården. Dette krysset har dårleg frisikt. Då burde heller krysset mot Gamlevegen stengast slik at all trafikk til dette området gjekk på austsida av bygget til Gol sparebank.

Inntegna parkeringsplass på kommunehustomta bør tilpassast planane for nytt kommunehus (situasjonsplan for nytt kommunehus var ikkje avklara då planforslaget vart fremja).

Bygningsrådet kan ikkje gå inn for at arealet vest for regulert torg vert regulert til offentleg areal for oppføring av trygdebustader framfor bustadformål for dei som bur der i dag.

Arealet bør oppretthaldast som forretningsareal då planforslaget legg opp til utvikling i dette området med fleire offentlege vegar og gangvegar. Planforslaget er ikkje til hinder for bustadformål i 2. og 3. etasje i regulert forretningsareal.

Parkeringsarealet aust for eigedomen til Kristian Haugstad er ikkje vist i det nye planforslaget. Det er dermed ikkje sagt at det ikkje blir aktuelt med parkeringsplassar i dette området.

Eigedomen til Kristian Haugstad blir ikkje meir berørt enn i gjeldande stadfesta reguleringsplan for området.

Når det gjeld lokalisering av busslommer, sjå merknader under pkt.66 nedanfor.

**Merknadane er ikkje tekne til fylgje med unntak av at parkeringsplassen vest for nytt kommunehus må tilpassast situasjonsplan for nytt kommunehus.**

Medlemene Sagabråten og Eng viser til sitt syn i merknadane til pkt. 14 og 15.

# M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

## 66. BUSKERUD FYLKE, SAMFERDSELSADMINISTRASJONEN.

Innregulert busslomme utanfor G-MAT utgår.

Det vert innregulert tosidig busslomme langs Sentrumsvegen i området ved Gjengedal bakeri. Det vert dessutan inntegna busslomme på nordsida av Sentrumsvegen ved meieriet.

**Merknadane er tekne til fylgje.**

Mindretalet vil med tilvisning til pkt. 1 og 3 vedr. lokalisering av Sentrumsgata i området ved Gol bygg m.fl. uttale:  
Mindretalet går inn for fleirtalsframlegget ved 1. gongs behandling mot at gangarealet på nordsida blir innskrenka til 6 meter mellom innkjøring til busshaldeplassen og Sislevegen.

Dei forskjellige punkt i vedtaket er samrøystes der det ikkje framgår noko anna.

PLANFORSLAGET KAN EIGENGODKJENNAST AV KOMMUNESTYRET DÅ INGEN FYLKESKOMMUNALE ELLER STATLEGE INSTANSAR HAR INNVENDINGAR TIL PLANFORSLAGET.

Plan og føresegner vert oversendt Gol kommunestyre for sluttbehandling.

Gol, 24.april 1987  
Svein Erik Strand, rådmann.

Etter denne utsendinga, er følgjande utsendt, tilsvarende (06.05.87):

Vedlagt følgjer brev frå

Gol Småfelag v/Knut Amundsli, dagsett 12.01.1987  
Landbruksfagleg utval v/Herman Nibstad og Arne Gjengedal Hesla, dagsett 13.01.1987

Desverre har desse breva ikkje vorte overlevert bygningsrådet/teknisk etat, og har dermed ikkje kome med i handsaminga av denne saka i bygningsrådet.

Teknisk sjef har gjennomgått breva i dag. Brev er ikkje forma som protestar, og det er såleis ikkje nødvendig med nokor handsaming av breva, eller ny handsaming av planen, i bygningsrådet. Det vil vera nok å leggje breva fram for formannskap og kommunestyre. Brev må sjåast på som merknader eller kommentarar, synspunkt, på planen.

Brev har elles i det vesentlege det same innhald som brevet frå landbrukskontoret, dagsett 13.01.1987. (sitat slutt)

## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

Denne regulerings-saka har vore til handsaming i formannskapet 4., 11., 18. og 25. mai, 9.juni og vil få endeleg handsaming i formannskapet den 15.juni, og kommunestyret 1.juli 1987.

Formannskapet har og vore på synfaring i delar av det området som det er tale om omregulering av. Formannskapet har også lagt fram saka spesielt for drøfting i kommunestyre- og partigruppene.

Brev frå fleire grunneigarar, stila til partigruppene i Gol kommunestyre, følgjer som nytt vedlegg.

Med bakgrunn i oppmoding frå formannskapet, har teknisk sjef teikna eit nytt del-utkast (teknisk etat vart bedt om å utarbeide alternativt forslag for området nord for torget der veg blir flytta til skillet mellom Eidsgård og Matsenteret, og parkeringsplass snudd evt. fløtta sørover).

Til dette skreiv teknisk sjef slik til formannskapet ved attendesendinga av forslaget: "Viser til møte i Gol formannskap 25. mai 1987 der formannskapet v/ordførar Bjørnebråten ga teknisk sjef i oppdrag å tegne om deler av bygningsrådet sitt forslag. Formannskapet sitt forslag fylgjer vedlagt innteikna på kart i m=1:1000.

Vedlagde forslag inneber så vesentlege endringar at kommunestyret, dersom det går inn for formannskapet sitt forslag, må sende heile regulerings-saka attende til bygningsrådet.

Teknisk sjef er elles betenkt over at formannskapet foreslår å radere bort fleire viktige offentlege gangtrasear. Desse gangtraseane er sentrale føresetnader i bygningsrådet sitt forslag for å skape eit godt og triveleg miljø for dei som skal ferdast til fots i sentrum."

**Rådmannen** har ikke lagt frem verken skriftlige kommentarer eller framlegg til vedtak i denne saken. Slik saken står nå vil jeg få bemerke at det er på høy tid å få ryddet opp i trafikk- og parkeringsforholdene langs Sentrumsvegen, spesielt av hensyn til de myke trafikkanter. Det må her gis høyeste prioritet til opparbeiding av gangareal, fortau og parkeringsplasser. Allerede i 1976-planen var det inntegnet fortau langs Sentrumsvegen, uten at det nå -11 år senere- er skjedd opparbeiding i marken.

Den eneste måten å få igangsatt arbeidet hurtig på, er å vedta bygningsrådets reguleringsplan som den foreligger, eller med så små endringer at fornyet behandling i bygningsrådet unngås. Unngår man ikke dette vil det gå minst ett år før noen får se nye fortau i denne del av sentrum.

Gjennomføring av planen langs øvre del av Sentrumsvegen må igangsettes snarest der kommunen får frivillige avtaler med grunneierne.

Å vedta reguleringsplanen slik den foreligger skulle ikke ha betenkelige sider, da det for det meste er opp til kommunen å gjennomføre planen,

# M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

herunder bestemme når de enkelte veier, fortau, parkeringsplasser skal opparbeides eller omreguleres.

## FRAMLEGG til vedtak:

Kommunestyret ser positivt på de mål bygningsrådet har lagt til grunn for omregulering av deler av Gol sentrum. Kommunestyret vedtar bygningsrådet sitt forslag til omregulering, med tilhørende reguleringsbestemmelser slik det fremgår av bygningsrådssak 102/87 (2.gangs beh.) og 267 og 276/87 (1.gangs beh.) og kart F-1-50 a og b.

Gol, 12.juni 1987  
Svein Erik Strand, rådmann

**Formannskapet** fremmar saka overfor kommunestyret med slik TILRÅDING (der det ikkje framgår noko anna, der er tilrådinga samrøystes):

1. Med tilvising til plan- og bygningslova vedtek kommunestyret reguleringsendring for delar av Gol sentrum for strekninga opp til krysset med Helsetunvegen/Rundingen slik planen framgår av kart F-1-50b, og dei endringar og vedtak som gjeld innkomne protestar som det går fram av vedtaket (punkt 1.1. og 1.2) vidare. Tilhøyrande reguleringsbestemmelser så langt det vil gjelde for denne delen (gjeld trafikkformål og park/friluftareal), blir vedtekne.

### 1.1. Generelt.

a)

Det blir opparbeidd vanleg fortau med kantstein i 3 m. breidde.

b)

Eit fleirtal på 3 i formannskapet går inn for at kantsteinparkering framfor private bustadhus blir sløyfa.

Eit mindretal på 2 går inn for at det kan gjevast dispensasjon for å sleppe å ha fortausparkering.

### 1.2. Protestar, merknader osv.

a. Protest nr 4 OLAV DOKKEN

Protesten blir teken til følgje når det gjeld fritak for kantsteinparkering framfor bustadhus. Det blir regulert inn vanleg fortau med kantstein i 3. m breidde.

b. Merknad nr 8 TURID AAKER

Merknadene er delvis tekne til følgje. Det blir regulert inn vanleg fortau med kantstein i 3 m breidde.

c. Merknad nr 9 SIGRID BJØRNEBRÅTEN

Merknadene er delvis tekne til følgje. Det blir regulert inn vanleg fortau med kantstein i 3 m breidde.

## M Ø T E B O K

frå møte den 15.06.1987 i Gol formannskap

SAK NR. F 104/87 K

Arkiv: 504

Saksbeh.: TOB/SES/

d. Klage nr 20 KRISTI HAUGLAND

Klaga er ikkje teken til følgje.

e. Merknad nr 34 RAGNHILD OG ERIK HOFTUN

Merknaden er teken til følgje.

f. Klage nr 44 ANS GOL NÆRINGSBYGG V/GUNNAR SKREDDERBERGET

Klaga er ikkje teken til følgje.

g. Protest nr 48 EINAR VIKO

Protesten er ikkje teken til følgje.

2. Reguleringsplanforslaget, øvre del av sentrum for området Sentrumsvegen - Gamlevegen, jfr. plankart F - 1 -50A, blir sendt attende til bygningsrådet for ny handsaming.

2.1. Merknader og retningsliner for vidare handsaming av reguleringsarbeidet.

a. Gangveg mellom Bredesen og Sørbøl blir sløyfa.

b. Gangveg over eigedomen til Kristian Haugstad blir sløyfa.

c. Gangveg frå Helge Viko til DBC (sluttar v/DBC) blir sløyfa.

d. Området LK-senteret/Svello/Hammerstad/Olav Bjørnebråten blir regulert til forretningsareal - torg - parkering - vegar - , utan at detaljregulering blir vedteken i denne planen.

e. I området nord for "torget" blir vegen flytta til skillet mellom Eidsgård og Matsenteret. Plassering og storleik av parkeringsplass blir vurdert, og mindre beskjæring av eigedomen til Eidsgård.

f. Spørsmål om vegar til parkeringsplass ved Gol Bygg/banken.

1. Einvegskjørt veg frå Sentrumsvegen og ned til parkeringsplass, mellom Gol Bygg og Husfliden blir vurdert. Tilrådd med 4 mot 1 røyst.

2. Vegen opp frå parkeringsplass ved Skohuset, blir vurdert sløyfa. Tilrådd med 4 mot 1 røyst.

Til punkt f.1 og 2:

Ola Sagabraaten (A) går inn for følgjande, da vurderinga er gjort: Ved Gol Bygg blir innregulert einvegskjørt veg ned til parkeringsplass.

Vegen opp frå parkeringsplassen , ved Skohuset, blir sløyfa.

Björg Lerhol (V) går primært inn for bygningsrådet sitt (fleirtals)framlegg

g. 3 går inn for planframlegget om å behalde gangveg frå Gol Bygg til Gamlevegen.

2 går inn for å sløyfe nemnde gangveg

h. 3 går inn for å trekke byggeline parallelt med Sentrumsvegen ved Halvor Botten, og dermed fløtte delar av parkeringsplassen.

2 går inn for å halde på planframlegget



# G O L K O M M U N E

## M Ø T E B O K

frå møte den 01.07.87 i Gol kommunestyre.

SAK NR. K: 71/87.

Arkiv: 504.

Saksbeh.: TOB/-

- i. 4 går inn for utretting av Sentrumsvegen ved Gol Bygg, slik fleirtalet i bygningsrådet har gått inn for  
1 går inn for å ha Sentrumsvegen ved Gol Bygg som i dag (mindret. i bygningsrådet)
- j. Det må vurderast regulert inn igjen fleire parkeringsplassar nord for Bruket, slik nåverande plan viser.
- k. Bygningsrådet bør vurdere dispensasjonen som er gitt Torvstua på nytt, jfr. her reguleringsbestemmelsane og spørsmål om etasjer i sentrum av Gol.
- l. Regulerte offentlege parkeringsplassar kan bli opparbeidde og eigd av private. Opparbeidinga må skje i samsvar med kommunen sine retningslinjer og når kommunen bestemmer det. Parkeringsplassane må vera fritt tilgjengelege for alle, og skal ikkje vera skilta for privat parkering.
- m. Det må vurderast om det i sentrum skal byggast i minimum 2 etasjar, eventuelt om det som hovudregel skal byggjast i 2 etasjar.

\*\*\*\*\*

Nytt vedlegg : Brev frå Gol Bygg A.s. 11.06.1987.

Nytt vedlegg: Brev frå Bjørn Gabrielsen m.fl. 25.06.87, sendt 29.06.87.

### Handsaming i kommunestyret 01.07.1987:

Ordføraren stilte spørsmål om nokon var inhabil. Arne Aas reiste spørsmål om sin habilitet som banksjef (planen omfattar tomt/bygning eigd av banken). Kommunestyret godtok Aas som habil. Det vart ikkje reist andre habilitetsspørsmål.

Desse hadde ordet: Sten Markussen, Ingebjørg Flaget, Ola Sagabraaten, Ola Kjell Hodnungseth, Gunnar Fredriksen, Sissel Bakken, Håkon Totland, Solveig Villand Lindheim, Sigrun Eng.

Sten Markussen (H) foreslo endring i formannskapet sitt punkt 1, slik: ...reguleringsendring for delar av Gol sentrum frå Oslo Lysverker t.o.m. Torvstua/Venås slik planen...

Ordføraren (KrF) foreslo slik tillegg til formannskapet sitt punkt 2: Ein føreset at saka vert handsama i kommunestyret seinast i oktober 1987.

### VOTERINGAR:

Det vart votert alternativt over formannskapet og Markussen sitt framlegg til punkt 1. Formannskapet sitt framlegg vart vedteke med 17 mot 4 røyster.

Punkt 1.1.

a) Samrøystes vedteke.

b) Alternativ votering. Formannskapet sitt fleirtalsframlegg vart vedteke med 19 mot 2 røyster.

# G O L K O M M U N E

## M Ø T E B O K

frå møte den 01.07.87 i Gol kommunestyre.

SAK NR. K: 71/87.

Arkiv: 504.

Saksbeh.: TOB/-

Punkt 1.2.

Alle punkta vart samrøystes vedtekne (votert punktvis)

Punkt 2.

Punktet slik ordføraren gjorde framlegg om vart samrøystes vedteke.

Punkt 2.1.

a. b. og c. vart teke opp til votering under eitt. Samrøystes vedtekne.

d. Samrøystes vedteke.

e. Samrøystes vedteke.

f. Pkt. 1. Samrøystes vedteke i samsvar med fleirtalet i formannskapet.

Pkt. 2. 14 røysta for formannskapet sitt fleirtalsframlegg, 7 for mindretalsframlegget.

Det vart vidare votert over Ola Sagabraaten sitt framlegg. Dette vart nedvotert med 14 mot 7 røyster.

Det vart votert serskild også over framlegget frå Bjørg Lerhol. Det fekk inga røyst.

g. 15 røysta for formannskapet sitt fleirtalsframlegg, 6 for mindretalet.

h. 11 røysta for formannskapet sitt fleirtalsframlegg, 10 for mindretalet.

i. 14 røysta for formannskapet sitt fleirtalsframlegg, 7 for mindretalet.

j. Samrøystes vedteke.

k. Samrøystes vedteke.

l. Samrøystes vedteke.

m. Samrøystes vedteke.

Kommunestyret sitt VEDTAK er da:

1. Med tilvising til plan- og bygningslova vedtek kommunestyret reguleringsendring for delar av Gol sentrum for strekninga opp til krysset med Helsetunvegen/Rundingen slik planen framgår av kart F-1-50b, og dei endringar og vedtak som gjeld innkomne protestar som det går fram av vedtaket (punkt 1.1. og 1.2) vidare. Tilhøyrande reguleringsbestemmelsar så langt det vil gjelde for denne delen (gjeld trafikkformål og park/friluftssareal), blir vedtekne.

1.1. Generelt.

a)

Det blir opparbeidd vanleg fortau med kantstein i 3 m. breidde.

b)

Kantsteinparkering framfor private bustadhus blir sløyfa. (Vedteke med 19 mot 2 røyster)

1.2. Protestar, merknader osv.

a. Protest nr 4 OLAV DOKKEN

Protesten blir teken til følgje når det gjeld fritak for kantsteinparkering framfor bustadhus. Det blir regulert inn vanleg fortau med kantstein i 3. m breidde.

b. Merknad nr 8 TURID AAKER

# G O L K O M M U N E

## M Ø T E B O K

frå møte den 01.07.87 i Gol kommunestyre.

SAK NR. K: 71/87.

Arkiv: 504.

Saksbeh.: TOB/-

Merknadene er delvis tekne til følgje. Det blir regulert inn vanleg fortau med kantstein i 3 m breidde.

c. Merknad nr 9 SIGRID BJØRNEBRÅTEN  
Merknadene er delvis tekne til følgje. Det blir regulert inn vanleg fortau med kantstein i 3 m breidde.

d. Klage nr 20 KRISTI HAUGLAND  
Klaga er ikkje teken til følgje.

e. Merknad nr 34 RAGNHILD OG ERIK HOFTUN  
Merknaden er teken til følgje.

f. Klage nr 44 ANS GOL NÆRINGSBYGG V/GUNNAR SKREDDERBERGET  
Klaga er ikkje teken til følgje.

g. Protest nr 48 EINAR VIKO  
Protesten er ikkje teken til følgje.

2. Reguleringsplanforslaget, øvre del av sentrum for området Sentrumsvegen - Gamlevegen, jfr. plankart F - 1 -50A, blir sendt attende til bygningsrådet for ny handsaming. Ein føreset at saka vert handsama i kommunestyret seinast i oktober 1987.

Merknader og retningsliner for vidare handsaming av reguleringsarbeidet framgår av denne saka, jfr. punkt 2.1, bokstavane a - m.

Gol, 02.07.1987  
Rett utskrift

  
Tor O. Bergum

Utskrifter:

Den vedtekne delen av planen:  
Teknisk etat - som underrettar vidare

Den delen som vart vedteke  
attendesendt bygningsrådet:  
Utskrift blir sendt alle som har levert protestar eller merknader til planen, og til dei instansar som har fått planen direkte tilsendt for uttale.